



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Tøm skjema

Søknad om driftskonsesjon i henhold til mineralloven § 43

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	
15/00167-1	
29 DES. 2014	BF
KB 375/14	

Skjemaet med vedlegg sendes til:

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard
Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

E-post: mail@dirmin.no
Telefon Sentralbord: (+47) 73 90 40 50
Hjemmeside: <http://www.dirmin.no>

LES VEILEDNINGEN FØR DU FYLLER UT SKJEMAET

1. Opplysninger om søker

Fullstendig navn/firma Arnafjord Sandtak v/ Jon M Nese		Organisasjonsnummer 969822717	
Postadresse Arnafjord	Postnummer 6893	Sted Vik i Sogn	Land Norge
Telefonnummer 576 96 223	Mobiltelefon	E-postadresse jon.nese@sogn.no	Hjemmeside

2. Opplysninger om området

Navn på uttaksområdet/uttaket Brufloten	Uttaksområdets gårds- og bruksnummer 64/5	Kommune 1417 Vik
Størrelse på omsøkt areal (daa) 20 daa	Anslag totalvolum uttak (m ³) 900 000 m3 (år 1978)	Forventet årlig uttak (m ³) 5000-7000 m3

3. Opplysninger om forekomsten

3.1. Hvilken mineralkategori tilhører forekomsten? Grunneiers mineraler ☒
Statens mineraler ☐

3.2. Drives det på forekomsten i dag? Ja ☒ Nei ☐

3.3. Beskrivelse av forekomsten (type mineralforekomst, kvalitetsvurdering, anvendelser av råstoffet):

Sand til støyping.



4. Forholdet til plan- og bygningsloven (pbl.)

4.1. Angi hvilket arealformål området har i kommuneplanens arealdel Råstoffutvinning/ masseuttak

4.2. Finnes det en godkjent reguleringsplan for området det søkes om konsesjon? Ja ☐ Nei ☒

Hvis ja, oppgi navn på planen og vedtaksdato:

Navn på plan: _____

Vedtaksdato: _____

Hvis nei:

Er det varslet oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja ☐ Nei ☒

Er det gitt andre tillatelser etter pbl. for terrenginngrep i omsøkt område? Opplys om hvilke

5. Vedlegg til søknaden

Med søknaden skal alltid vedlegges:

5.1. Dokumentasjon på utvinningsrett til forekomsten

- For grunneiers mineraler: Kopi av signert leieavtale om uttak med grunneier, eller dokumentasjon på grunnbokshjemmel
- For statens mineraler: Oppgi rettighetsnummeret(ene)

5.2. Kart der omsøkt område hvor det foreligger utvinningsrett er tydelig inntegnet i målestokk 1:1000-/1:2000.

5.3. Gi en kort firmapresentasjon.

5.4. Redegjørelse for den kompetanse selskapet har for driften av det planlagte uttaket. Gi en oversikt over bergfaglig og annen teknisk kompetanse i organisasjonen.

5.5. Forslag til driftsplan, inkludert avslutningsplan. Driftsplanen skal være i samsvar med DMFs krav til driftsplaner.



5.6. Oversikt over økonomiske forhold:

5.6.1. For uttak som allerede er i drift:

- Godkjent årsregnskap for de siste to år

5.6.2. For nye uttak, eller tidligere uttak med nytt driftsselskap:

- Driftsbudsjett for det omsøkte uttaket for de 3 første driftsår

5.7. Vurdering av behovet for at det stilles økonomisk sikkerhet for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak, herunder forslag til form for og størrelse på sikkerheten.

5.8. Adresseliste over særlig berørte parter (nærmeste naboer, eller brukere av området).

5.9. Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.

Kontonummer for innbetaling: 7694.05.05883

Gebyret er kr. 10.000. Dersom søknaden gjelder uttak som krever konsekvensutredning etter forskrift om konsekvensutredninger (26.juni 2009 nr. 855), er gebyret kr. 20.000.

Merk innbetalingen med Driftskonsesjon, navn på uttaket/uttaksområdet og navn på søker

6. Eventuelle tilleggsopplysninger

Masseuttaket har vore i drift sidan 1974, og er det einaste godkjende santaket i Vik kommune. Masseuttaket har sertifikat frå Kontrollrådet.

Ikkje alle vedlegg er slik som det er bede om. Dette på grunn av at det er eit enkeltpersonføretak.

Direktoratet for mineralforvaltning kan kreve flere opplysninger dersom man finner det nødvendig for behandling av søknaden.


7. Underskrift

Sted og dato

Vik, 22. des. 2014

Underskrift

Jon Nilsen



Kommuneplan - byggeområde (PBL 1985 §20.4 1. ledd nr 1)

Kommuneplan - Bygninger og anlegg (PBL 2008 §11-7 NR1.)

	Noverande	Framtidig
Bygg og anlegg		
Bustad		
Fritidsbygg		
Sentrumsforemal		
Tjenesteyting		
Fritids- og turistformål		
Råstoffsutvinning		
Næringsbygg		
Idrettsanlegg		
Andre typer bygg og anlegg		
Grav og urnelund		

Kommuneplan - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §11-7 NR2)

Veg		
Havn		
Parkeringsplasser		

Kommuneplan - Grønnstruktur (PBL2008 §11-7 nr 3

Grønnstruktur / friområde / park		
----------------------------------	-------------	-------------

Kommuneplan - Landbruk-natur og friluftsområde (PBL2008 §11-7 NR 5)

LNF		
LNF Spreidd fritidsbygg.		

Kommuneplan - Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §11-7 NR 6)

Bruk og vern av sjø (Natur, fiske, ferdsel og friluftsliv)	NFFF	
Småbåthamn		
Akvakultur		
Drikkevavn		
Natur-/Friluftsområde i sjø		

Kommuneplan - Omsynssonar (PBL2008 §11-8)


Faresone - Brann -/ eksplosjonsfare	H350
Faresone - Skytebane	H360
Sikringssone - Nedslagsfelt drikkevavn	H110
Omsynssone villrein (blå skravur på kart)	H520
Omsynssone friluftsliv, natur og kulturlandskap	H650 H660 H670
Bandlegging etter lov om naturvern og lov kulturminner	H720 H730
Reguleringsplan skal fortsatt gjelda	H310

Kommuneplan Linje og punkt symbol (PBL2008)

Grense, omsynssone	
Detaljeringsgrense	
Byggjegrænse	
Kraftledning	

Felles for kommuneplan PBL1985 og 2008

Plangrense	
Grense arealføremål	
Fjernveg	
Hovudveg	
Adkomstveg	
Gang sykkelveg	
Turveg	
Skipsled	
Kommuneplan - påskrift	Abc





Vik kommune

Kommuneplan 2014 - 2024 Arealdel


Vedteken plan 26.06.2014

Planen er utarbeidd av Vik Kommune, avd. Plan og Forvaltning, utskrift 01.09.2014

Plan ID 14172013003

kart 01

Sakshandsaming i samsvar med plan og bygningelova.	saksnr	dato	signatur
Vedtak om oppstart av planprogram	KS00811	Des. 2011	
Varsel om oppstart og korrigerering		Jan/feb 2012	
Heyting og offentlig ettersyn av planprogram	KS101212	27.03.12	
Fastsetjing av planprogram	FS 02214	21.02.14	
1. gangs handsaming			
Heyting og offentlig ettersyn		21.02.14 - 30.04.14	
2. gangs handsaming	FS 05514	19.06.14	
3. gangs handsaming og vedtak	KS 30714	26.06.14	



Målestokk 1 : 50000



KOMMUNEPLAN FOR VIK KOMMUNE 2013-24

AREALDELEN

Vik kommunestyre 26.6.2014 og 6.11.2014


Tekstdokument

Innhald:

- | | |
|-------------------------------------|-------|
| 1. Bakgrunn. Rammer | s. 2 |
| 2. Planprosess | s. 4 |
| 3. Planomtale. Behovsvurdering. | s. 6 |
| 4. Konsekvensutgreiing. | s. 25 |
| 5. Planføresegner og retningslinjer | s. 33 |

6. Vedlegg:

- 6.1 KU og ROS for delområde.
- 6.2 Strandsoneanalyse 2013
- 6.3 Kjerneområde Landbruk. 2013
- 6.4 Plankart



Kart Vik kommune

1.0 Bakgrunn og ytre rammer.

1.1 Bakgrunn.

Denne planen er ein hovudrevisjon av kommuneplan vedteken i 2005.

Ny /revidert plan har fylgjande hovuddokument og tidshorisont:

- Samfunnsdelen 2013-24 (12 år) Handlingsplan 2013-16 (4år)
- Arealdelen 2013-24 (12 år)

Nytt kommunestyre skal innan 1 år etter konstituering gjera ei vurdering av eksisterande plan, og vedta ein *planstrategi* for evt. planendringar. Handlingsplanen skal rullerast årleg.

Kommunestyret vedtok 27.3.2012 *planstrategi* og *planprogram* for revisjon av kommune planen. Planrevisjonen omfattar både samfunnsdelen og arealdelen.

Kommunestyret vedtok *Samfunnsdelen* av ny plan i møte 18.12.2012.

Føringar i planprogrammet og samfunnsdelen er lagt til grunn for arealdelen.

Arealdelen har fylgjande hovuddokument:

- **Tekstdokument med planomtale og planføresegner.**
- **Plankart**

Dette dokumentet med vedlegg utgjer *tekstdokumentet* til arealdelen av kommuneplanen

1.2 Lovgrunnlag.

Kommunestyret er i *Plan- og bygningslova av 2008* tillagt mynde og ansvar for å utarbeida og vedta kommuneplan. Utdrag med relevante paragrafar er gjeve i vedlegg 1 til samfunnsdelen av planen. Særskildt for *arealdelen* gjeld § 11-5 til 11-11.

Pbl. §11-5: « Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer. Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underformål for arealbruk, hensynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.»

Andre viktige lover som regulerer arealbruk er Naturmangfaldslova, Kulturminnelova og Jordlova. I vedlegg 1 til samfunnsdelen er gjeve eit oversyn over viktige lover, planar og retningslinjer, samt nettstader med nøkkelinformasjon. Lista er ikkje uttømmende.

1.3 Rettsvirkning av kommuneplanen sin arealdel (pbl.§11-6).

Plankart og planføresegner er *juridisk bindande* for arealbruk i kommunen.

Planomtalen er *retteleiarde*, og kan ikkje brukast som *heimelsgrunnlag* for vedtak etter planen. Retningslinjer og føringar i planomtalen uttrykkjer kommunen sine ynskje for utviklinga i planperioden, og skal leggest til grunn i arealplanlegging og byggjesakshandsaming.

Ved motstrid mellom ulike arealplanar, gjeld den siste godkjente planen dersom ikkje anna er avklart i kommuneplanen.

Reguleringsplanar som gjeld framfor kommuneplan er vist i kartet jf. Pbl § 11-8 f

Avvik frå føresegnene må handsamast som dispensasjonssak.

1.4 Busettingsmønster og folketalsutvikling. Utviklingstrekk.

Busetting i Vik kommune fordeler seg i hovudsak på 5 bygder langs fjorden, og med kommunesenteret Viksøyri som eit naturleg tyngdepunkt ut frå geografi og folketal.

60 km riks- og fylkesveg langs Sognefjorden bind bygdene saman.

I takt med rasjonalisering og nedlegging i landbruket har det skjedd ei uttynning i dei ytre og landbruksprega områda i kommunen, og ein konsentrasjon av busetnaden i område med lettast tilgang til ein større arbeidsmarknad og eit breiare tenestetilbod; Vik, Vangsnes, Feios.

I desse bygdene bur no 87 % av innbyggjarane i kommunen.

Utkantbygdene Fresvik og Arnafjorden har over tid hatt ein stor nedgang i folketal, og nærmar seg ei kritisk grense med tanke på basistilbod som butikk og skule/barnehage.

Den veglause strekinga frå Nese til Høyanger grense har i 2013 under 10 fast busette.

Folketalsutvikling 2007-13 i Soknene . Kjelde: Fylkesspegelen

Sokner (frå vest)	1.1.2007	1.1.2013	Endring	% endring	Merknad
Arnafjord m. Finden	170	163	-7	-4%	Finden krins: -9 pers.
Vik Hovudsokn	1836	1789	-47	-3%	Sentrum aukar, dalane minkar
Vangsnes	341	331	-10	-3%	
Feios	239	241	+2	+1%	
Fresvik	237	203	-34	-14%	
Ikkje oppgjeve	12	4		-	
sum	2835	2731	- 4%		

Venta utvikling i planperioden.

Tunnell under Vikafjellet vil gje sentrale deler av kommunen sikker tilgang til ein ny og stor arbeidsmarknad innafor akseptabel dagpendlaravstand.

Det er grunn til å venta at dette vil gje eit auka utbyggingspress i sentrale deler av kommunen.

Dersom tunnelloysing med tverrslag vert valt, vil dette og gjelda Arnafjorden.

2.0 Planprosess

Planorganisasjon. Aktørar.

Prosjekteigar/oppdragsgjevar:	Kommunestyret
Styringsgruppe:	Formannskapet
Prosjektansvarleg:	Rådmannen ®
Prosjektleder:	Plansjef (P)
Arbeidsgruppe 1:	Utvida Leiargruppe.
Arbeidsgruppe 2:	Plangruppa (Rådmannen, deler av Plan og forvaltning, teknisk sjef, rep. for born og unge)

Prosess

Tidspunkt	Planfase/vedtak
Vår 2011	Vedtak om oppstart av planrevisjon.
April 2011	Møte med Planforum. Gjennomgang grunnlagsdokument.
Des. 2011	Plandag i Kommunestyret.
Des. 2011	Kunngjering om oppstart av planrevisjon. Brev til alle husstandar. Invitasjon til folkemøte.
Jan. 2012	Folkemøte Fresvik, Feios, Vik og Arnafjorden. 60 -200 frammøtte.
Jan. 2012	Møte med Planforum. Høyringsdok. Planstrategi og planprogram
Jan-februar	67 registrerte innspel
Feb.2012	Plandag /arbeidsmøte i kommunestyret
27.3.2012	Vedtak Planstrategi og Planprogram
Juni 2012	Arbeidsmøte/plandag i Kommunestyret
Sept.2012	2 Arbeidsmøte/plandagar i kommunestyret
Okt. 2012	Møte i Planforum. Høyringsdokument Samfunnsdelen.
Okt./nov.2012	Samfunnsdelen til høyring/offentleg ettersyn
Nov. 2012	-Temaseminar om tilflyttingsprosjekt «Velkomen til Vik» -Folkemøte
18.12.2012	Vedtak samfunnsdelen.
2013	Arbeid med arealdelen i Kommunen 6 Drøftingsmøte i Plangruppa 4 arbeidsmøte i Formannskapet (Styringsgruppa) Plandag/arbeidsmøte i kommunestyret 24.10.2013 Møte/kontakt med partar/høyringsinstansar Møte med grunneigarar Møte Fylkesmannen si landbruksavdeling Møte med Regionalavdelinga i fylkeskommunen Møte m. Fylkesmannen, Miljøvernabdelinga Møte med Statens Kartverk
2014	Møte Planforum 12.2. Møte/kontakt m. Fylkesmannen Møte/kontakt Statens vegvesen. 5 møte Vik Formannskap. Planvedtak Vik Kommunestyre 26.6.2014. Planvedtak for område G17 og G18 i Feios: 6.11.2014

Medverknad.

Planprosessen før vedtak av planprogram/planstrategi utløyste stor aktivitet og mange innspel. Dei 4 folkemøta fekk stor merksemd og stort frammøte.

Det vart registrert i alt 67 innspel. 53 av dei gjeld heilt eller delvis arealbruk.

I tillegg til innspel frå vanlege høyringsinstansar og grunneigarar, kom innspel frå:

- Fresvik 4H og 10. klasse ved Flatbygdi skule.
- Vik, Modig og Feios drettslag , samt Vik Turlag
- Råd for funksjonshemma.

Bygdelaga i Fresvik, Feios og Arnafjorden var medarrangørar for folkemøte, og har gjeve eigne innspel.

Kommunen sin valde representant for born og unge er fast medlem i Plangruppa.



3.0 Planomtale.

3.1 Generelt. Bakgrunn

3.2 Byggeområde

3.3 Trafikkområde. Samferdsel og infrastruktur

3.4 Grønstruktur

3.5 LNF-område

3.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag.

3.7 Omsynssoner

3.8 Reguleringsplanar

3.1 Generelt. Bakgrunn.

Bakgrunn .

Inndeling/redigering i Pbl. kap 11-7 og 11-8 er lagt til grunn både for dette kapittelet og for kap. 5 Planføresegner og retningslinjer.

Dette kapittelet gjer greie for planendringane, og bakgrunnen for dei.

Status og utfordringar for Vik kommune er omtalte i *samfunnsdelen* kap.2.

Etter vedtak av samfunnsdelen har ny NTP teke inn oppstart av tunnell under Vikafjellet, og tunnell forbi Galden mellom Vik og Vangsnes i planperioden. Dette er viktige rammevilkår for planarbeidet.

Plan 2005.

Denne planen er ein revisjon av arealplan frå 2005. Ny plan erstattar arealdelen av kommuneplan 05, og kommunedelplan av 2005 for Vik sentrum/Flatbygdi.

Arealbruk i desse planane er vidareført i ny plan, der det ikkje er funne grunn til endring.

Overordna mål for ny plan.

Hovudmål for kommuneplan 2013-24 er gjeve i Samfunnsdelen kap.3 (Utdrag):

«Hovudmål for plan-og utviklingsarbeidet i Vik kommune er:

snu folketalsutviklinga -2800 innbyggjarar i 2024.

Eit viktig delmål er at kommunesenteret Vik og bygdene Arnafjorden, Vangsnes, Feios og Fresvik skal utviklast vidare som levande og attraktive lokalsamfunn --.»

Samfunnsdelen av kommuneplanen saman med dokumentet *Planstrategi og planprogram* legg føringar for arealdelen av kommuneplanen.

Strategiar for arealbruk.

Arealstrategien i denne planen byggjer på godkjent planprogram og samfunnsdel, og vurderingar som er gjort under arbeidet med arealdelen.

Arealstrategien under uttrykkjer hovudlinjer for arealbruken i planforslaget.

Generelt

- Kommuneplanen skal leggja til rette for busetting og næringsutvikling i bygdene, og god forvaltning av natur og kulturarv i heile kommunen.
- Dyrka og dyrkbar jord skal så langt råd skjermast for utbygging. Areal registrert som *kjerneområde landbruk* bør generelt ikkje nyttast til utbyggingsformål. Det skal leggjast vekt på god avgrensing mellom landbruksområde og byggeområde
- Det skal satsast på *Vangsnes* som framtidig utbyggingsområde for bustader og næring, m.a. for å avlasta press på sentrumsnære landbruksareal i Vik sentrum/Flatbygdi.
- Ny utbygging skal så langt råd leggjast til område der ein kan gjera seg nytte av eksisterande infrastruktur: Veg, vatn, avlaup.
- Det skal leggjast opp til fortetting og/eller gjenbruk av eks. utbygde område.
- Arealplanar/planar for utbygging skal ha som eit viktig mål å redusera behov for transport.
- Verdifulle areal for rekreasjon og friluftsliv, og naturområde med særlege kvalitetar, skal skjermast for utbygging/inngrep ut over enkel tilrettelegging for friluftsliv.
- Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensa seg til område som alt er utbygde. Attverande attraktive areal og strekningar i strandsona bør sikrast som fellesgode.
- Det kan opnast for spreidd utbygging som ivaretek omsynet til busetjing, og som ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser.

Bustadområde

- Nye større byggeområde for bustader bør liggja i gang/sykkelavstand frå skule/barnehage.
- Det skal planleggjast for høg arealutnytting i og nær Vik sentrum.
- Ny bustadbygging i sentrumsområdet skal i hovudsak vera konsentrerte småbustader.

Hyttebygging

- Hyttebygging skal i hovudsak skje som fortetting/utbygging av eksisterande område, evt. i nye regulerte felt.
- Ny hyttebygging i høgjellet skal avgrensast til moderat fortetting av eks. utbygde område i Skjelingen og Fosse/Hestavollen, av omsyn til m.a. drikkevatn, villrein og friluftsliv.

Næring og liknande.

- Det skal vera eigna areal for næring og liknande. i alle sokner.
- Større område for næringsformål bør lokaliserast nær hovudveg og hamn.

Hovedtrekk i revidert plan 2013-24:

Bustader

- Tilrettelegging for fortetting og konsentrert bustadbygging i Vik sentrum. (30daa)
- Nytt sentrumsnært bustadområde på Tenold, for høg utnytting . (Ca 40da)
Området er steg 1 i ei langsiktig satsing på Tenold-Følid som bustadområde i hovudsoknet.
- Nye bustadområde for frittliggjande einebustader på Vangsnes. (Ca 250daa)
- Nye sentrumsnære bustadområde i Feios (20daa) og Fresvik (Ca 11daa)
- Opning for spreidd bustadbygging for å stimulera til busetting i utkantane.

Hytter:

- Nye byggeområde for hytter på strekninga Vik-Vangsnes: Skorge, Hovland, Tveit.
- Omsyn til villrein og nedslagsfelt for drikkevatn tilseier at hyttebygging på høgfjellet vert avgrensa til fortetting av eksisterande hytteområde Skjelingen og Fosse/Hestavollen.
- Tilbakeføring av ca 2500 daa byggeområde på Vikafjellet, Seimsfjellet og Røyrvik/Svardal til LNF- formål.
- Areal avsett til nye hytter i plan 2013-24: Ca 2600 daa.

Areal for næringsformål og liknande

- Nye område for næringsformål o.l på Vangsnes(60daa), I Feios(28daa) ,Fresvik (12daa), Vik (Hesjaslette: masselager/depot, m.m. 20daa.).
- Auka areal for reiselivsverksemder i Djuvik og Tveit.
- Ca 340 daa avsett på Tenne, Arnafjorden i plan 05 til formål *næring og råstoffutvinning* er tilbakeført til LNF-formål.
- Utvidingsareal for Vik Fengsel.

Areal for Idrett og friluftsliv.

- Ca 2500 da i øvre Bødalen avsett til skisenter, lysløyper og alpinanlegg.
- Omsynssoner for friluftsliv/skisport i øvre Bødalen og Skjelingen.

Sjø og strandsone

- Nye og utvida friområde og LNF- område i strandsona.
- Ca 2 km strandsone avsett til byggeområde i plan 05 tilbakeført til LNF-formål.
- Nye område for småbåthavner i Arnafjorden, Røyrvik, Osen i Feios, og Borlaug.
- Utviding av Vangsnes småbåthavn.

Samferdselsanlegg. Vegar

- Ny RV 13 i Galden og øvre Bødalen vist som framtidig veg.
- Gang/sykkelveg Vangsnes –Vik vist som framtidig veg.
- Ny fylkesveg RV13 –Vange bru vist som framtidig veg.
- Ny kommunal veg FV121 – Tenoldtunet vist som framtidig veg.
- Areal for utfartsparkering på Vikafjellet: Skjelingen og Hestavollen/Fosse.

3.2 Byggeområde.

Jfr. Pbl § 11-7, nr. 1

- 3.2.1 Bygninger og anlegg
- 3.2.2 Bustader
- 3.2.3 Hytter /fritidshus og naust
- 3.2.4 Sentrumsformål
- 3.2.5 Offentleg og privat tenesteyting.
- 3.2.6 Fritids-og turistformål. Reiseliv.
- 3.2.7 Massetak
- 3.2.8 Næringsformål.
- 3.2.9 Idrettsanlegg/park:
- 3.2.10 Andre bygg og anlegg.
Kraftverk m.m.



Grense Vik sentrum: raud stipla strek

3.2.1 Bygningar og anlegg. Sosi 1001

Formålet omfattar byggeområde med fleire føremål, eller bruk som ikkje er dekkja av i standardkategoriane.

Tabell:

Areal avsett til formål bygningar og anlegg i kommuneplan 2013-24. Areal i daa.

	Område/felt	Areal	Merknad
BA1	Nese	23	Blanda bygningsmiljø : bustader, fritidsbustader, turisme, kaianlegg, forsamlingshus. Kulturminneverdiar. Krav om <i>reguleringsplan</i> for avklaring av arealbruk.
BA2	Indrefjorden	10	Blanda bygningsmiljø bustader, fritidsbustader og naust/kaianlegg Krav om <i>reguleringsplan</i> for avklaring av arealbruk.
BA3	Osen, Framfjorden	11	Område med blanda bruk: bustader, fritidsbustader, naust, kaianlegg. Krav til <i>reguleringsplan</i> for avklaring av arealbruk.
BA4	Mølla i Framfjorden, m.m.	5	Blanda bruk. Nedlagt mølle, naust og kaianlegg. Framtidig bruk avklarast i <i>reguleringsplan</i> .
BA5	Limmesand	6	Bustader og næring.
BA6	Osen i Feios	2	Område med blanda bruk: Forretning, bustader ,naust, kaianlegg. Krav til <i>reguleringsplan</i> for avklaring av arealbruk.
BA7	Fresvik sentrum vest	9	Område med blanda bruk: turisme, bustader, fritidsbustader, naust, kaianlegg. Krav til <i>reguleringsplan</i> for avklaring av arealbruk.
BA8	Hove Kraftverk	27	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg.
BA9	Refsdal kraftverk	21	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg.
BA10	Målset kraftverk	10	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg.

3.2.2 Bustader. Sosi 1110

Behovsvurdering.

Vurdering av behov byggjer på Rådmannen si utgreiing om bustadbehov datert jan 2013 .

Bustadbehov er stipulert ut frå

- Erfaringstal . Registrert byggeaktivitet siste 10 år
- Kunnskap om manglar i lokal bustadmarknad.
- Mål for folketalsutvikling.

Erfaringstal.

Snitt for siste 8 år er **9** nye bustader/år, våningshus på gard medrekna. Av desse ca 7 i Vik.

Dette synest å vera for lite, også i ein situasjon med reduksjon i folketalet.

Årsaka er m.a. omgjeriing frå bustad til feriebustad, og færre folk pr. bustad (Uttynning)

Manglar i bustadmarknaden.

Bustadmassen i Vik er ikkje godt tilpassa faktisk husstandsstorleik og venta utvikling mot fleire små husstandar. Det er for få småbustader (leiligheiter/rekkehus) i høve til tal einebustader .

Det er og for få bustader til leige.

Mangel på eigna bustader er no ein flaskehals og eit hinder for tilflytting.

Mål for folketalsutvikling.

Hovudmål for kommuneplanen er å snu folketalsutviklinga: 2800 innbyggjarar i 2024.

Naudsynt auka tilflytting for å nå dette målet medfører eit byggebehov på 8-10 bustader /år.

Samanstilling. Bustadbehov.

Målet om auke i folketal , medført eit samla behov på 18-20 bustader/år i planperioden.

Planen legg til grunn eit bustadbehov på **18** bustader/år, våningshus ikkje medrekna.

Fordeling : 9 einebustader og 9 småbustader (rekkehus/lågblokk og liknande)

Sum i planperioden: 108 einebustadtomter, 108 småbustader

Pårekna bustad/tomte behov i planperioden 2013-24 (12år) i soknene.

Her er lagt til grunn:

- Satsing på Vangsnes som utbyggingsområde for å avlasta Vik sentrum/Flatbygdi.
- Bygging av konsentrerte småbustader vil i hovudsak skje som fortetting i Vik sentrum

Sokn	Behov Bustader	Behov reg. tomter einebustadbustad	Eks.tomter. Pr. 2012	Min. tal nye einebustad-tomter
Vik Hovudsokn	136	40	5	35
Arnafjorden	10	10	15-20**	0-5
Vangsnes	50	40	0	40
Feios	10	10	5	5
Fresvik	10	10	4	6
Sum	216	110*	Ca 20	90

*Talet bør vera større enn teoretisk behov

** Hytte- og bustadtomter

Område for nye bustader i plan 2013-24 .

Tal tomter/bustader er skjønsmessig stipulert .

For området Tenol i Vik er lagt til grunn relativt høg utnytting, med 0,5-0,8daa netto /tomt.

For øvrige område for einebustader er lagt til grunn 1-2 daa netto/tomt.

For område med konsentrerte småbustader er lagt til grunn 2-3 bustader pr.daa.

ID	Byggeområde, frittliggjande einebustader		Daa disp. areal	bustader
B1	Odlane 2 Framfjorden. Utviding av eks. byggefelt.	eks	8	5-6
	Vik hovudsokn			
B2	Tenold, Vik	ny	Ca 50	Ca 40
B3	Tryti, Vik Fortetting	ny	6	3-4
	Vangsnes			
B4	Tråna 2, Vangsnes (regulert 2013)	eks		17
B5	Tråna sør.		Ca 10	5-6
B6	Vangsnes nord . Fortetting	ny	25	15-20
B7	Oppside bygdavegen, Vangsnes. Fortetting	ny	Ca 30	Ca 15
B8	Kaklehaugen/Vangsnes sør	ny	Ca 200	Ca 80-100
	Feios			
B9	Feidjehagane	ny	Ca 20	Ca 10
	Fresvik			
B10	Grundeland 2	ny	Ca 7	5-6
B11	Del av 135/2	ny	Ca 4	3-4
	Sum, avrunda			200-230
	Byggeområde, konsentrerte småbustader. Vik tettstad.			
B21	Sæbø. (Inkl.regulert område Sæbø1)		20	40-60
B22	Øenmarki		4	10-12
B23	Galilea		3	6-8
B24	Ara		3,5	6-8
	Sum			62-88

Merknader:

Avsette område for *einebustader* i Vik, Arnafjorden, Feios og Fresvik er ikkje vesentleg større enn behovsvurdering tilseier.

For Vangsnes er pårekna behov i planperioden i teorien dekkja også utan det store området

B8 Kaklehaugen/Vangsnes sør. Området bør likevel vera med, av fleire grunnar:

Vangsnes som satsingsområde må ha eit sikkert, føreseieleg og variert tilbod av tomter .

Berre Tråna-feltet og Kaklehaugen er i utgangspunktet forutsett å vera kommunale felt.

Øvrige område på Vangsnes er forutsett utvikla i privat regi. Det gjev ikkje tilstrekkeleg tryggleik for at tomtetilbodet er i forkant av behov/etterspørsel.

Avsette område for *konsentrerte småbustader* i oppstillinga over dekker ikkje fullt ut pårekna behov.

Det er forutsett at behov ut over dette vert dekkja i område avsett til *sentrumsformål*, og i øvrige bustadfelt.

I tillegg til tomteressursar i oppstillinga over kjem resttomter i heilt eller delvis utbygde område, fortetting på eks. tomter, og spreidd utbygging.

Område B2 Tenold er steg 1 i ei langsiktig satsing på Tenold-Følid som framtidig byggeområde for einebustader i hovudsoknet, med krav til høg utnytting.

3.2.3 Fritidsbustader og naust

Sosi 1120

Fritidsbustader/hytter. Mål og behovsvurdering.

Hytter og hyttefolk er viktige for lokalt næringsliv både i bygge- og driftsfasen, og styrker grunnlaget for lokale tenester og tilbud.

Samfunnsdelen , kap.7.3: «Det skal leggjast til rette for vidare bygging av private hytter/fritidshus, med mål å auka talet på hytter i planperioden, frå ca 400 til 500»

Status 2013. Plan 05

I plan 05 er lagt ut ca 5300 daa til byggeområde for hytter.

Ikkje utbygd areal utgjør pr 2013 ca 4400daa.

Tabell: Tomtereserve for hytter i regulerte område i Vik Kommune . (tal er rettleiande)

Område/felt	Regulerte ledige tomter
Indrefjorden: Granden, Hagen, Åsberget	Ca 20
Osen i Framfjorden	Ca 10
Røyrvik-Svardal	3
Ligtvor-Hovsviki	5
Nyastøllia. Utbyggingsplan	50
Rinde hyttefelt, Feios	15
Feios 159/16 A. Fedje	3
Solali, Fresvik	20
Øyri, Fresvik småbåthavn. («Rorbu»)	13
Skjelingen sør	2
Sum	Ca 140

Marknad. Etterspørsel.

Registrert byggeaktivitet er ca 6 hytter/år siste 10 år.

Lokal marknad er avgrensa. Hovudmarknad utanfor kommunen er Voss/Bergensregionen.

Området langs RV 13 frå Hordaland grense til Vangsnes, samt strandsona Vik-Røyrvik vil etter dette vera dei mest attraktive områda . Her er og registrert den største etterspørselen.

Omsyn til drikkevasskjelde og villrein tilseier tilnærma stogg i hyttebygging på Vikafjellet over skoggrensa.

Tunnell under Vikafjellet er venta å gje sterk auke i etterspørsel etter fritidshus i Vik.

Hovudtrekk i ny plan:

Nye område for hytter vert lagt ut mellom Vik og Vangsnes:

Skorge, Hovland, Tveit. Ca 330 da/50-80 tomter. Innspel frå grunneigarar.

Vidare bygging på *Vikafjellet* vert avgrensa til moderat fortetting av eksisterande utbygde område i Skjelingen nord, Hestavollen og Fosse. Samla ca. 20 nye hytter.

Behovet i Øvre Bødalen er vurdert å vera dekkja i eksisterande regulerte/avsette byggeområde.

Det vert ikkje lagt ut større nye område for hytter i Arnafjorden, Feios og Fresvik.

Nokre større område utlagt i plan 05 er vurdert som lite eigna , i lys av manglande interesse for å utvikla områda, og ny kunnskap om villrein, naturfare m.m.

Det gjeld område på Seimsfjellet (1160da) , Fosse på Vikafjellet (1100da) og deler av Røyrvik-Svardal. (Ca 450da). Desse er i ny plan tilbakeført til LNF-formål.

Om lag 350da av regulert hytteområde *Skjelingavatnet sør* er tilbakeført til LNF-formål.

Avgrensing av hytteområde på *Skard* i Fresvik , avsett i plan 05, er justert for m.a. å unngå konflikt med Fjellheimen villreinområde. Ca 80da byggeområde er trekt ut.

Ca 2 km strandsone langs riks-og fylkesveg på strekninga Juvik-Tveit, og Røyrvik-Hovsviki, vist i plan 05 som *byggeområde for fritidshus*, er tilbakeført til LNF-formål og/eller friområde, for m.a. å kunna tena som fellesgode for nye hytteområde i lisona over vegen.

Nye område for Fritidsbustader 2013-24 . (tal tomter/hytter er stipulert)

ID	Byggeområde fritidsbustader	Areal. daa	Hytter/tomter	Krav reg.plan
F1	Morki/Kråna . Utviding	25	7-10	x
F3	Skorge	135	20-30	x
F4	Hovland	120	20-30	x
F5	Tveit/Øksdal	75	15 -20	x
	LNF- spreidd, hyttebygging			
LNF-H1	Bjørkeviki.	17	3	
LNF-H2	Fosse vest. Fortetting	117	3-4	x
LNF-H3	Fosse nord Fortetting	60	3	x
LNF-H4	Hestavollen Fortetting	330	8-10	x
LNF-H5	Skjelingen nord. Fortetting	250	5	x
	Sum		90-120	

I tillegg til nye område i tabell over vert store byggeområde frå plan 05 vidareførde i ny plan:

Eks. område for fritidsbustader vidareførde i plan 2013-24 . Tal tomter/hytter er stipulert

ID	Byggeområde fritidsbustader	Areal-reserve daa	Merknader Regulert : x
F10	Morki , Arnafjorden Fortetting	50	
F11	Tenne	3	
F12	Røyrvik-Svardal	250	X (Ein mindre del er regulert)
F13	Hovsviki	3-5	
F14	Nyastøllia	1150	X
F15	Kålsetlia	Ca 200	
F16	Juvik-Tveit	10	(under regulering)
F17	159/16 Feios. A. Fedje	5	x
F18	Solali, Fresvik	20	x
F19-21	Skard	400	
F22	Håaneset, Feios	Ca 12	
LNF-H6	Skjelingen sør	-	X (Reg.plan 2002002)
	Sum arealreserve, eks. område	Ca 2100	

Naust.

Naust er bygningar for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap, og kan ikkje nyttast til fritidshus eller bustad.

Etter 2005 er det godkjent reguleringsplanar/utbyggingsplanar for nokre nye naustområde. Naustområde er vist med SOSI-kode 1130 som fritidshus, men påskrift «naust».

Byggeområde for naust ny plan 2013-24.

ID	Område	Tal disp. naustpl.	Merknad.
FN-1	Åsstrondi, Arnafjorden	14	Reguleringsplan 2011
FN-2	Valsvikhammaren	3	Reguleringsplan 2006 . Totalt 6 regulerte naust
FN-3	Vikjabukti vest	-	Heilt eller delvis utbygd etter godkjende planar 2005
FN-4	Sagaflaten, Vik	10	Ny. Krav til reguleringsplan
FN-5	Vangsnes	-	Avsett område for eks. naust og naustrettar
FN-6	Fresvik aust.	3-5	Ny. Delvis utbygd område. Krav til reguleringsplan.
FN-7	Røyrvik		Ny. Krav til reguleringsplan
FN-8	Svolsvik		2 eks.naust. Krav til reguleringsplan

I tillegg til desse kan naustplassar innpassast i avsette byggeområde for småbåthavner og fritidsbustader, når områda vert detaljregulerte.

3.2.4 Sentrumsformål. SOSI-kode 1130

Arealformålet omfattar alle vanlege formål i tettstadsområde:

Næringsbygg for forretning/kontor , offentlege og private tenester, bustader, parkering/trafikkareal mindre park- og friareal, m.m.

Formålet forutset reguleringsplan for detaljert styring av arealbruken.

Formålet «Sentrumsformål» er brukt i større utstrekning enn i plan av 05.

Sentrale deler av Vik sentrum er vist som *sentrumsformål*. Formålet legg til rette for vidareføring av eksisterande blanda arealbruk, og for tilpassing til endra behov.

Område *S9 Sæbøjordet* er omdisponert frå formål friområde/labyrint til sentrumsformål.

Føresegner for arealet legg opp til høg utnytting.

Øvrige område i sentrum er eks. byggeområde, heilt eller delvis utbygde.

Vik Meieri inngår i område avsett til sentrumsformål i ny plan.

To område utanom Vik sentrum er vist som *sentrumsformål*:

S11 Vangsnes , sør for ferjekaien. Eks. bruk : Butikk, hotell, bustader, camping.

S12 Del av Fresvik sentrum. Eks. bruk: forretning, kafe, bustader m.m.

Byggeområde for sentrumsformål ny plan 2013-24. Areal i dekar. Avrunda

ID	Daa	Område	ID	daa	
S1	10	Vetløyri nord	S7	7	Coop, Borgstova, m.m.
S2	10	Vetløyri sør	S8	4,5	Rulsen. Sognekraft m.m.
S3	16	Vikøyri	S9	8	Sæbøjordet
S4	3	Vikørenbygget m.m.	S10	9,5	Vikjatunet
S5	21	Sentrum aust. Hopstock hotell m.m.	S11	7	Vangsnes sentrum
S6	16	Sentrum vest. Vik Fargehandel m.m.	S12	5	Fresvik sentrum

3.2.5 Offentleg eller privat tenesteyting. SOSI-kode 1160

Formålet omfattar skular, anlegg for helse og omsorg, fengsel, kyrkjer og forsamlingshus, bygg for kontor/administrasjon og liknande.

Behovsvurdering. Status.

Det er vurdert å vera trong for tilleggsareal/endingar for Vik Fengsel og for Vik barnehage. Areal avsett til kyrkjer/kyrkjegardar er vurdert å vera tilstrekkeleg i planperioden.

Ny plan.

Planen syner ca 10 da tilleggsareal for utviding av Vik Fengsel , og ca 4 da tilleggsareal for utviding av Vik barnehage. Del av eks. barnehagetomt er vist som framtidig «grøn buffer» mot industriområdet. For andre bygg/anlegg syner planen uendra arealbruk eller mindre justeringar.

Kyrkjer på Hove og Hopperstad inngår i reguleringsplan for Hove- Moahaugane- Hopperstad. Reguleringsplanen styrer arealbruken i planområdet. Planen legg til rette for gjesteanlegg og parkering/snuplass ved Hopperstadkyrkja.

Byggeområde for offentlig eller privat tenesteyting vist på plankart.

Kyrkjer	Skule/barnehage	Helse/omsorg	Forsamlingshus	Andre
T-1 Arnafjord k.	T-11 Valsvik s. og b.	T-21 VBS	T-31 Framfj. U.hus	T-41 Vik Fengsel
T-2 Vik k.	T-12 Flatbygdi s.	T-22 Vik Helsetun	T-32 Vikjahalli	
T-3 Vangsnes k.	T-13 Vik Barnehage	T-23 Omsorgsb.	T-33 Notestova	
T-4 Feios k.	T-14 Bødalen b.	T-24 Fr. Bygdeheim	T-34 Vangsnes u.h.	
T-5 Fresvik k.	T-16 Vangsnes s. og b.		T-35 Feios u.h.	
T-6 Hove k.	T-17 Feios s. og b.		T-36 Fresvik u.h.	
T-7 Hopperstad k.	T-18 Fresvik s. og b.		T-37 Fresvik bedehus	

3.2.6 Fritids-og turistformål. SOSI-kode 1170

Formålet omfattar campingplassar, utleiehytter, hotell/overnattingsbedrifter og liknande.

Status. Behovsvurdering.

Reiseliv er peika ut som satsingsområde. Planen skal leggja til rette for utvikling av reiselivsbedriftene.

Område avsett til fritids- og turistformål i ny plan

	Anlegg	Areal eks.	Areal i ny plan	Merknad
FT-1	Tenne camping		Ca 15daa	Ikkje vist på plan 05
FT-2	Vik Camping	38 daa	38daa	
FT-3	Tistel	-	3,5daa	Ikkje vist på plan 05
FT-4	Juvik camping	23daa	43daa	
FT-5	Tveit Camping, Vangsnes	14daa	26daa	
FT-6	Fjellheim Camping, Vangsnes	8daa	8daa	

I tillegg til desse inngår ein del reiselivsanlegg/bedrifter i område for *sentrumsformål* , m.a. Hopstock Hotell. Nokre mindre anlegg for fritids- og turistformål inngår i LNF-formålet.

Godkjend Utbyggingsplan av 2006 for Utleiehytter på Nese viser 9 hytter. Av desse er 2 bygde.

Anlegg /areal med funksjon som felleskode for reiselivsnæringa er t.d. småbåthavner, badeplassar og friområde. Slike område er omtalte i andre delkapittel. (Sjå m.a. Grønstruktur , Bruk og vern av sjø og vassdrag)

3.2.7 Råstoffutvinning

SOSI-kode 1200

Formålet omfatter grustak og steinbrot.

Plan 05 syner to område: Tenne (ca 300daa) og Framfjorden (ca 20daa. Steinbrot)

Ein del eksisterande massetak pr.2005 var ikkje viste på planen.

Det er eit mål at kommunen skal vera sjølvforsynt med stein- og grus så langt råd.

Endringar i ny plan:

- Massetak på Tenne er vidareført, men med vesentleg redusert areal tilpassa pårekna behov.
- Godkjende massetak/steinbrot i tida etter 2005 er lagt inn.

Tabell: **Areal avsett til råstoffutvinning i kommuneplan 2013-24**

	Område/felt	areal	Merknad
R-1	Tenne	45 daa	Vidareført frå plan 05, redusert areal.
R-2	Halset A	9 daa	Reguleringsplan ID 2011002
R-3	Halset B	9 daa	Reguleringsplan ID 2011002
R-4	Framfjorden	15 daa	Vidareført frå plan05.
R-5	Havnen, Vangsnes	27 daa	Reguleringsplan ID 2008004

I tillegg til desse er eit område i Åfedtdalen, Feios bandlagt for *regulering* med tanke på masseuttak. Området er samanfallande med planlagt depot-område for tunnelmassar frå Feios Kraftverk AS sitt anlegg. Føremålet er å gjera tunnelmassane tilgjengelege som ressurs for m.a. lokal vegbygging.

3.2.8 Næringsareal. SOSI-kode 1300

Formålet omfatter næringsbygg for Industri/verkstad/lager og liknande.

Kontor og forretningar knytt til næringsverksemda inngår i områda.

Tabell: **Areal avsett til næring i Vik Kommune I plan 2005.**

Tal er dekar, avrunda. Formål *Senterområde* er ikkje medrekna

Område/felt	Areal daa	Merknad
Tenne	277	Ikkje utbygd: ca 230 da
Vik sentrum/Flatbygdi	170	Reserve: ca 30daa på austsida av Vikja.
Fresvik (Fresvik Produkt as)	20	Reserve: 2-3 da

Behovsvurdering. Mål

- Utdrag kommuneplanen sin *samfunnsdel*, kap.7.2: «Det skal leggjast til rette for utvikling av eit større industri/næringsareal på Vangsnes, og sikrast næringsareal i dei andre soknene . Produksjonsbedriftene i kommunen skal sikrast areal for vidare utvikling.
- Utdrag Planprogram 2012: «Arealbruk på Tenne skal nyvurderast.»

Tabell: Areal avsett til næring i ny plan 2013-24

Tal er dekar, avrunda. Formål *Senterområde* er ikkje medrekna

ID	Område	Areal daa	Nyttbar reserve	Merknad.
N-1	Tenne	47	40	Vidareført frå kp 05,
N-2	Vik vestbreidd sør	47	0	Justert grense mot Vik Barnehage. Elles som kp 05
N-3	Vik. Vestbreidd nord	4	0	Justert grense mot vest.
N-4	Vik. Austbreidd sør	42	Ca 20	Justert grense mot aust.
N-5	Vik Verk m.m.	37	0	Som plan 05.
N-6	Vik. Sardinene m.m.	10	0	Som plan 05.
N-7	Vikja. Vange	2	0	Som plan 05
N-8	Raudegjerdet, Vangsnes	65	40	Ny.
N-9	Brennehagen nord. Feios	12	10	Ny.
N-10	Brennehagen sør .Feios	16	14	Ny
N-11	Fresvik Produkt AS	20	3	Vidareført frå kp05
N-12	Grandane, Fresvik	12	10	Ny
	Alle område		137 daa	

Merknad: Noko næringsareal inngår i *sentrumformål*: t.d. Vik Meieri, Lager på Vetløyri m.m.

3.2.9 Idrettsanlegg. SOSI 1400

Formålet omfattar stadionanlegg for idrett, lysløyper og alpinanlegg.

Areal avsett til idrettsanlegg ny plan 2013-24. Areal i daa. Avrunda

ID	Område	Areal daa	Merknad.
I-1	Vik Aktivitetspark	48	Vidareført frå kp 05.
I-2	Fresvik stadion	17	Vidareført frå kp 05.
I-3	Tenne skytebane	5	Eks. baneanlegg lagt inn i planen
I-4	Vik Skisenter	1700	Vidareført frå plan 05, med endra avgrensing og redusert areal.
I-5	Liasete alpinbakke	800	Ny

3.2.10 Masselager og massedepot. SOSI 1500 («Andre typar bygningar og anlegg»)

Status. Mål.

Det er særleg behov for nye areal for slike føremål i hovudsoknet.

Verdifulle areal i sentrumsområdet vert i dag brukte til mellomlagring av massar til bygg og anlegg.

Kompostplassen i Badnadalen må erstattast av nytt område.

Utdrag av kommuneplanen sin samfunnsdel, vedteken 2012:

«Det skal leggjast til rette eigna område for masselagring/depot i alle sokn.»

Ny plan viser areal for masselager, massedepot og grønkompostplass i Vik :

M-1 Hesjaslette. Ca 20da nyttbart areal, av totalt ca 40da.

Det er forutsett bygd tilkomstveg langs elva frå avkjørsle ved Følid bru.

Reguleringsplan skal avklara tilkomst og detaljert arealbruk.

Det er forutsett at masselager og massedepot i øvrige soknar kan innpassast i avsette næringsareal.

3.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.

Planen viser:

- Hovedtrekk i vegsystemet: Riks og fylkesvegar, viktige kommunale vegar og større parkeringsplassar.
- Havner og skipsleier
- Høgspenliner

Ny plan vidarefører hovudtrekk i eks plan, med nokre endringar/tillegg. Dei viktigase er:

- Område for Cruise-hamn er fjerna. Arealet er vist som *friluftsområde* og *småbåthavn*.
- Ny tunnel Gotevik-Galden/Vik vist som framtidig veg.
- Gang og sykkelveg Vangsnes- Vik vist som framtidig veg.
- Ny RV13 frå Tistel til tunnelinnslag vist som framtidig veg
- Ny FV121 Vik kyrkje-Vange bru
- Ny veg Vangsnes kyrkje-Tråna
- Parkeringsplassar for utfartsparkering på Vikafjellet: Fosse, Hestavollen, Skjelingen.
- Gangveg frå kryss Grundeland til sjøen i Fresvik.
- Gangveg langs Fylkesvegen frå ungdomshuset til skulen i Feios.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur i kommuneplan 2013-24. Linjesymbol.

Anlegg	Sosi-kode	Merknad
RV13 og fylkesvegar	1122	Vidareført frå plan05, med endringar tillegg som over.
Kommunevegar . Tilkomst- og samleveg	1125 og 1125	Nokre endringar i sentrumsområdet i Vik: Røysavegen stengd ved Vik Fengsel, ny tilkomst Vik barnehage m.m.
Gang- og sykkelvegar	1130	Vidareført frå plan05, med endringar og tillegg som over.
Skipslei	1161	
Kraftleidning. Høgspent	1170	Lagt inn på grunnlag av opplysningar frå netteigar.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur i kommuneplan 2013-24. Areal/Område

ID	Parkering Sosi 2080	Merknad
P-1	Utfartsparkering Skjelingen	Ny. Delvis opparbeidd
P-2	Parkering Hestavollen	Ny. Delvis opparbeidd
P-3	Parkering Fosse.	Ny
P-4	Parkering Nese kyrkje	Ny. Opparbeidd
P-5	Parkering Vikøyri.	Ny. Delvis opparbeidd
P-6	Parkering Vikjahalli	Som plan 05
P-8	Parkering Vik Kyrkje	Som plan 05
P-9	Parkering Vik Stadion	Som plan 05
P-10	Parkering Feios skule.	Ny. Regulert og opparbeidd.
P-11	Parkering Fresvik kyrkje.	Ny. Opparbeidd
P-12	Parkering Fresvik stadion.	Ny. Parkering for Ungdomshuset og stadion.
ID	Hamn Sosi 2040	
H-1	Havn Tenne	Havneområde i plan 05 vidareført, med redusert areal.
H-2	Havn Sardin, Vik	Som plan 05.
H-3	Ferjekai/havn Vangsnes	ca 1,5 da av havneområde i plan 05 vist som friområde. Ellers som plan 05.
H-4	Tømmerkai, Håstrondi Feios	Ny. Eksisterande opparbeidd kaiområde ca 9daa lagt inn med utvidingsareal ca 3daa mot aust og vest.
H-5	Havn Fresvik	Sjøområde ved eks. kai i Fresvik sentrum.

3.4 Grønstruktur.

Formålet omfatter friområde, park, naturområde og turdrag i/nær tettstad eller lokale sentra.

Viste friområde i plan 05 er vidareførte i hovudtrekk, med nokre unntak

- Hovuddelen av område vist som «labyrint/park» i området Sæbø i plan 05, er omdisponert til *sentrumsformål* og *bustad*.
- Nokre større friområde i plan 05 er i ny plan viste som *byggeområde idrettsanlegg*. (Sjå over: 3.2.9)
- Nokre mindre *friområde* viste i kommunedelplan Vik sentrum av 2005 er forutsett å inngå i hovudformålet (bustader, sentrumsformål, off. og private tenester), og er ikkje viste på ny plan.

ID	Areal	Område vidareført frå Plan 05	ID	Areal	Nye område
G1	6	Rundøyri, Framfjorden.	G12	3,5	Vik barnehage
G2	0,5	Vikøyri	G13	1,5	Ferjekaien, Vangsnes
G3	30	Kålhagen/gildhus	G14	5	Fridtjovparken, utvida m. 1,5da
G4	5	Prestberget	G15	8	Kalviki. Badestrand/friområde
G5	2	Brødrehaugane	G16	60	Kaklehaugen m.m.
G6	3,5	Sæbø. Del av friområde i plan av 05.	G17*	8	Botolvneset, Feios
G7	8	Djuvik badeplass. Utvida			
G8	3	Munken, Vangsnes. Redusert Areal	G19	1	Fresvik sentrum.
G9	0,5	Badeplass Strondi, Fresvik.	G20	1,5	Fresvik vest.
G10	240	Skard	G21	5	Svolsvik badeplass, utviding.
G11	4	Vikja vestbreidd	G22	1,5	Vange/Vik Fengsel

*Planvedtak gjort i møte 6.11.2014 .

3.5 Landbruk- natur- og friluftsområde. LNF-R

Formålet omfatter:

- Reine område for landbruks-, natur-, og friluftsmål , samt reindrift. (LNF-R)
- LNF-område der spreidd bygging av bustader, fritidsbustader og næringsformål er tillate.

Det er ingen (tam-)reindrift i kommunen. I denne planen er difor brukt LNF som formålsnemning. Ca 98,5% av kommunen sitt landareal er sett av til LNF-område. Det aller meste er fjell /utmark.

Om lag **5600 daa** avsett til *byggeområde* i plan 05 er i ny plan tilbakeført til LNF-formål.

Av dette er ca **120 daa** dyrka mark.

- Netto tilbakeføring av utmark/anna areal frå byggeformål til LNF: : **Ca 2840 daa .**
- Netto omdisponering av dyrka jord til andre formål: **23 daa**
- Netto forbruk av dyrka jord/år i planperioden 2013-24 **2 da**

(sjå kap. 4.4 for meir detaljert arealrekneskap)

LNF-område for spreidd hyttebygging i kommuneplan 2013-24. Sosi-kode 5220

ID	Areal daa	Område	Merknad
LNF -H1	17	Bjørkeviki	Inntil 3 hytter. Krav om reguleringsplan
LNF-H2	120	Fosse Vest	Fortetting m. inntil 3 hytter. Krav om reguleringsplan
LNF -H3	60	Fosse nord	Fortetting med inntil 3 hytter. Krav om reguleringsplan
LNF -H4	330	Hestavollen	Fortetting med inntil 10 hytter. Krav om reguleringsplan
LNF –H5	250	Skjelingen nord	Fortetting med inntil 5 hytter. Krav om reguleringsplan
LNF –H6	380	Skjelingen sør	Utbygd etter eks reguleringsplan ID 2002002.

3.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Formålet omfattar Sjøområde for ferdsel og farleier, Småbåthavner, fiske, akvakultur, drikkevatt, naturområde og og friluftsområde. Alle formål med eller utan tilhøyrande strandsone.

Bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplan 2013-24.

ID	6230 Småbåthavn		6400 Akvakultur
VA-1	Granden, Indrefjorden	VA-31	Hustavenes
VA-2	Framfjorden Vest	VA-32	Eitrestrondi
VA-3	Framfjorden. Holane	VA-33	Håstrondi
VA-4	Røyrvik	VA-34	Straumsnes
VA-5	Havnen, Vik		
VA-6	Vetløyri, Vik		
VA-7	Vangsnes		6300 Fiske (låssetjingsplassar)
VA-8	Osen i Feios	VA-20	Tenne, Arnafjorden
VA-9	Langeset, Borlaug	VA-21	Finnafjorden
VA -10	Åsberget, Indrefjorden	VA-22	Geithus
	6700 Friluftsområde i sjø	VA-23	Otterskred, Arnafjorden
VA-11	Indrefjorden	VA-24	Galden, Vik
VA-12	Framfjorden	VA-25	Hjelmaneset, Feios
VA-13	Limmesand-Ligtvor	VA-26	Fresvik
VA-14	Havnen, Vik	VA-27	Simlenes
VA-15	Juvik-Vangsnes	VA-28	Framfjorden
VA-16	Feios	VA-29	Kaldagjelet, Feios.
VA-17	Fresvik		

Merknader:

Småbåthavner.

To område for småbåthavn i Vik er vidareført frå plan 05, med noko justering av areal og grenser.

Område VA-7 for småbåthavn på Vangsnes er vesentleg utvida mot sør.

Regulert småbåthavn i plan av 2008 inngår i område VA-4 Røyrvik.

Øvrige område er nye i høve til plan 05.

Viste område i Arnafjorden og Osen i Feios er i større og mindre grad i bruk som båthavner.

For områda gjeld krav til reguleringsplan.

Område for fiske

Områda er registrerte *låssetjingsplassar*, og vidareførte uendra frå plan 05.

Område for akvakultur.

6 blåskjellkonsesjonar viste i plan 05 er ikkje lenger gjeldande, og områda er trekte ut.

4 område er vidareførde frå plan 05.

Friluftsområde i sjø.

Viste friluftsområde er i tråd med tilrådingar i Strandsoneanalyse for Vik kommune av 2013, og omfattar ein del av områda registrerte i Fylkesatlas som *lokalt viktige friluftsområde*.

Skipsleia.

Skipsleia i Sognefjorden er vist som linjesymbol 1161 skipsled.

Anna sjøareal er vidareført frå plan 05 for fleirbruk: *Naturområde, Friluftsliv, Ferdsel, Fiske* (NFFF).

3.7 Omsynssoner.

Ny plan og bygningslov av 2008 innførte ein ny planreiskap: **omsynssoner**. (hensynsoner) Omsynssoner kjem i tillegg til planformålet, og fastset gjennom føresegn eller retningsliner kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området.

Pbl. § 11-8 spesifiserer 6 hovudtypar av omsynssoner: bokstav a-f.

I denne planen er soner under a, c, d og f tekne i bruk. Desse er omtalte under.

Til sonar under a, d og f er det gjeve juridisk bindande *føresegner*.

Til viste soner under c er det gjeve *retningsliner*.

a) Sikringssone, faresone m.m.

Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn. Vik Vassverk og Vangsnes vassverk.

Faresone skredfare. Aktsemdskart *Snø- og steinskredfare* er lagt til grunn. Eige temakart

Faresone flaumfare. Flaumsonekart frå NVE er lagt til grunn. Eige temakart

Faresone høgspenning.

Faresone skytebane Tenne.

Faresone, eksplosjonsfare. Dynamittlager o.l.

c) Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap.

Bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø.

NB! til soner etter c) kan berre gjevast retningsliner, ikkje juridisk bindande føresegner.

Omsynssone villrein.

Området omfattar alt areal over kote 700, med unntak for randsona nærast busette område i Vik hovudsokn.

Omsynssone for friluftsliv.

Planen viser to område:

- Område knytt til hytteområde Skjelingen nord.

- Område i øvre Bødalen/Dalbotn knytt til Vik skisenter/Vik Fjellandsby.

Områda er viktige for skisport og utfart/friluftsliv. Omsynssona skal synleggjera dette.

Bevaring av naturmiljø.

To område med særlege naturkvalitetar er viste på planen som omsynssoner, for å skjerma områda for tiltak som kan forringa biologisk mangfald og opplevingsverdiar i områda.

-Området Kongshaug/Kongsvatnet/Seimsfjellet er eit viktig tur- og utfartsområde med stor variasjon i naturtypar på eit avgrensa område, og eit intakt vassdrag frå fjell til fjord: Kyrelvi.

-Elveosen i Fresvik er registrert som *prioritert naturtype* i Fylkesatlas.

Bevaring av kulturmiljø.

Vik har svært mange kulturminne og kulturmiljø av høg verdi.

Kulturminne eldre enn 1537 er automatisk *freda* etter Kulturminnelova.

Ein del nyare tids kulturminne har i eksisterande *reguleringsplanar* status som *verna* etter plan- og bygningslova. Det er forutsett at verneformålet i eksisterande reguleringsplanar står ved lag, sjølv om områda ikkje er viste som omsynssoner på kommuneplankartet.

Mange kulturminne av stor verdi har ingen formell vernestatus.

I denne planrevisjonen er eit avgrensa utval kulturmiljø viste som *omsynssone*, *bevaring av kulturmiljø*. Desse områda har ingen vernestatus frå før.

- Utvalde *kjerneområde, kulturlandskap*. (Jfr. utgreiing: Kjerneområde landbruk 2013.)

- Lensmannsgarden i Bø

- Gamletunet på Tistel

Arbeid med *kommunedelplan for kulturminne* er starta opp, og er eit prioritert plantiltak.

Prioriterte kulturminne og kulturmiljø i vedteken delplan vert lagt inn som *omsynssoner* ved neste hovudrevisjon av arealdelen.

d) Bandleggingssone.

- **Bandlegging i påvente av vedtak etter pbl. eller andre lover.**

- **Bandlagde område etter Pbl eller anna lovverk**

Bandlegging for regulering: Skytebane på Vangsnes, Masstak/depot i Åfedt-dalen, Feios.

Verna/freda område etter naturmangfaldslova: Stølsheimen, Nærøyfjorden, Eitrestendi.

Freda etter kulturminnelova: Hove, Moahaugane, Hopperstad.

Automatisk freda kulturminne er viste på plankart med rune- R

f) Område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda .

Område der vedteken reguleringsplan skal gjelda framfor kommuneplanen. Eiga liste under.

Gjeld område med nyare reguleringsplanar.

Omsynssoner etter Pbl§11-8 i ny kommuneplanplan 2013-24

a	Sikringssone, støysone, faresone	Merknad
H110-1	Sikringssone Vik vassverk	
H 110-2	Sikringssone Vangsnes vassverk	
H310	Rasfare	Eige tematisk planutsnitt
H 320	Flaumfare	Eige tematisk planutsnitt
H 350-1	Ekspløsjonsfare. Stadheimslia	Dynamittlager
H 350-2	Ekspløsjonsfare. Vangsnes	Dynamittlager
H 350-3	Ekspløsjonsfare. Ramnabergtunnelen	Dynamittlager
H 360-1	Skytebane Tenne	

c	Særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap. Bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø.	
H520-1	Omsynssone Villrein	Fjellheimen villreinområde
H530-1	Omsynssone friluftsliv. Øvre Bødalen	
H530-2	Omsynssone friluftsliv. Skjelingen.	
H560-1	Bevaring av naturmiljø. Kongsvatnet m.m.	
H560-2	Bevaring av naturmiljø. Elvedelta Fresvik	Prioritert naturtype
H570-1	Bevaring av kulturmiljø. Lensmannsgarden i Bø	
H570-2	Bevaring av kulturmiljø. Gamletunet på Tistel	
H570-3	Bevaring av kulturmiljø. Heimestølen Engi	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-4	Bevaring av kulturmiljø. Grønsberg	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-5	Bevaring av kulturmiljø. Le	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-6	Bevaring av kulturmiljø. Sendedal stølsområde	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-7	Bevaring av kulturmiljø. Valsvikstølen	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-8	Bevaring av kulturmiljø. Vatnane fjellstøl	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-9	Bevaring av kulturmiljø. Sylvarnes	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-10	Bevaring av kulturmiljø. Alrek	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-11	Bevaring av kulturmiljø. Alrekstølen	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-12	Bevaring av kulturmiljø. Nyastøl, Seimsfjellet.	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-13	Bevaring av kulturmiljø. Haugen, Arnafjord	Kjerneområde Landbruk, kulturlandskap
H570-14	Refsdal kraftverk 1913	
d	Bandlegging i påvente av vedtak etter pbl. eller andre lover. Bandlagde område etter Pbl eller anna lovverk	
H710-1	Svidlangsmýri. Idrettsanlegg/skytebane m.m.	Bandlegging for regulering.
H710-2	Massetak/massedepot i Åfedtdalen	Bandlegging for regulering.
H720-1	Stølsheimen landskapsvernområde	Verna etter Naturmangfaldslova
H720-2	Eitrestronði naturreservat.	Verna etter Naturmangfaldslova
H720-3	Nærøyfjorden landskapsvernområde.	Verna etter Naturmangfaldslova
H730-1	Hopperstad Stavkyrkje	Freda etter Kulturminnelova.
H730-2	Hove kyrkje m. kyrkjegard	Freda etter Kulturminnelova.
H730-3	Moahaugane	Freda etter Kulturminnelova
f	Område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda .	Plan-id. (årstal-løpenr.)
H910-1	Utleiehytter Nese	2006009
H910-3	Gbnr. 60/4. Åsstrondi, Arnafjorden.	2011003
H910-4	Valsvikhammaren.	2006001
H910-5	Ligtvor	2008003
H910-6	Hove-Moahaugane-Hopperstad	2009003
H910-7	Sjøfronten på Vikøyri	2009004
H910-8	Detaljregulering Hopperstad	2012003
H910-9	RV13 Bødalen-Tistel	2012005
H910-10	A.Fedje. Hytter 159/16	2008001
H910-11	Rinde hyttefelt	2007004
H910-12	Solali, Fresvik	2007005
H910-13	Nausttomter/småbåthavn Øyri i Fresvik	2006007

3.8 REGULERINGSPLANAR

Gjeldande reguleringsplanar pr 1.1.2014 i Vik Kommune.

Planar med utheva plan-ID gjeld framfor kommuneplanen. Sjå kap.3.7 og kap.5.7

Øvrige reguleringsplanar gjeld så langt dei ikkje er i strid med kommuneplanen

Plan-ID	Tittel	Plan-ID	Tittel
1969001	Prestberget	2002004	Skytebane Vangsnes
1973001	Nedstestølen Fresvik-Jordalen	2002005	Kålsete. Hytter Årestrup.
1974001	Hopperstadmarki	2004001	Nausttomter, Kyrelvi
1975001	Tråna bustadfelt	2004002	Osen i Framfjorden
1976001	Skjelingen Stølsområde		
1977001	Høgheim Bustadsfelt		Vedtak 2005 og seinare
1978001	Sinklesteinsviki	2005001	Nausttomter Hamnen
1979003	Hovsgrandane, Fresvik	2005002	Osen hytteområde.
1979002	Vikja-Rulsen-Vange Bru	2006001	Valsvikhammaren
1979004	Odlane bustadfelt	2006002	Åsberget, Indrefjorden
1980001	Feios hyttefelt	2006003	Granden Indrefjorden
1981001	Prestberget II	2006004	Hagen Indrefjorden
1982003	Ikornhaugen	2006005	Gildhus bustadfelt -B9
1982002	Vik Sentrum	2006006	Vangsnes 97/145
1982001	Fresvik sentrum	2006007	Nausttomter/småbåthavn Øyri, Fresvik
1984002	Gang/sykkelveg Rulsen	2006008	Nyastøllii Hyttefelt
1984003	Øyriområdet	2006009	Utleiehytter Nese
1984001	Rinde Bustadfelt	2007001	Vetløyri sør
1986002	Vodlateigane (Hytteområde)	2007002	Vik Fjelllandsby
1986003	Djuvik Friområde	2007003	Vangsnes 97/105
1986001	Gildhus	2007004	Rinde hyttefelt 160/5
1988001	Sæbøjordet	2007005	Solali. Fresvik
1989001	Storetriangelen	2008001	Arnfinn Fedje . Hytter 159/16
1989002	Vetletriangelen aust	2008002	Røyrvik hytteområde.
1989003	Sør for Vik kyrkje	2008003	Ligtvor
1990005	Øyri. Verna område	2008004	Steinbrot Havnen, Vangsnes
1990003	Nordre Vangsnes	2009001	Grov bustadfelt
1990004	Skåramyri	2009002	Rulsen
1990001	Tenne	2009003	Hove- Moahaugane -Hopperstad
1992001	Prestberget-Øyane	2009004	Sjøfronten på Vikøyri
1992002	Havnen m.m.	2009004	Følid bustadfelt 5/18
1993001	Røyrvik Avfallsdeponi	2010002	Bustader for funksjonshemma i Vik
1994003	Gamle Kommunehus og Vikjahalli	2011001	Øyane-Sjøtun
1994002	Vetløyri	2011002	Steinbrot på Åse Indrefjorden
1997002	Rinde II	2011003	60/4 Åsstrondi, Arnafjorden.
1998001	Sæbø industriområde	2011005	Goteviki-Galden. Vegplan.
1999001	Sardinene-Kyrelvi	2011004	Detaljregulering Sjøgrunn Vikøyri
1999002	Feios Skule	2011006	Tråna 2
2002001	Grundeland bustadfelt	2012003	Detaljregulering Hopperstad
2002002	Skjelingavatnet sør	2012004	Detaljregulering Sæbø 1
2002003	Skianlegget Kålsetlii	2012005	RV13 Bødalen-Tistel

4.0

Konsekvensutgreiing og ROS- vurderingar for planen sin samla verknad



4.1 Metode

4.2 Kunnskapsgrunnlaget

4.3 ROS

4.4 Konsekvensar av planen sin samla verknad

Ny plan og bygningslov (§ 4-2) krev at det for alle kommuneplanar som set rammer for framtidig utbygging, vert laga ei særskilt vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn; konsekvensutgreiing (KU)

KU er utført både for enkeltområde og for planen sin samla verknad, i samsvar med gjeldande forskrift av 2009, og godkjent *planprogram* av 2012.

KU for 38 enkeltområde for utbygging/endra arealbruk fylgjer som *vedlegg 6.1*

KU for *planen sin samla verknad* fylgjer under.

4.1 Metode for konsekvensutgreiing

KU for dei utvalde og vurderte delområda omfatar:

- *verdivurdering av aktuelle delområde*
- *konsekvensar ved ny arealbruk*

Verdivurdering:

Verdi er vurdert frå liten til middels og stor verdi: **L, M, S.**

Område utan kartlagde førekomstar er sett til liten verdi. Der det er kartlagde eller kjende verdier av lokal betyding er desse areala vurdert til middels stor verdi.

Der det finst sjeldne førekomstar eller særskilte verdier av regional eller nasjonal betyding er områda vurdert til å ha stor verdi.

Tema	Undertema
Landbruk	Landbruket sitt produksjonsgrunnlag: dyrka jord, beiteland, skogsmark m.m.
Naturverdier og biologisk mangfald	viktige naturtypar, biologisk mangfald, viltførekomstar, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag, strandsone, sårbare landskap og landemerke.
Kulturminne og kulturmiljø	freda bygg og anlegg, verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eldre gardstun, naust og sjøhusmiljø osv.
Friluftsliv og rekreasjon	Turvegar, badeplassar, registrerte friluftsområde i regional kartlegging, bruk av område til jakt og fiske, allmenn tilkomst til sjø
Barn og unge	Leike- og friområde.

Vurdering av konsekvensar

Konsekvensar ved ny/endra arealbruk kjem fram ved ei samanstilling av verdi og omfang:
Verdi x omfang = konsekvens.

Konsekvensar ved ny arealbruk er vurdert i ein skala frå -3 til + 3, frå store negative til store positive konsekvensar. Dersom ny arealbruk ikkje er vurdert til å få særskilte konsekvensar er det sett til 0. Ikkje alle tema er vurderte som relevante for alle områda. Desse er ikkje talfesta eller omtalt vidare. Det er faglege vurderingar som byggjer på den kunnskapen ein har om tiltaket pr. i dag.

Fylgjande tema og undertema er vurderte:

Tema	Undertema
Landbruk	Konsekvensar for landbruksproduksjon og for landbruket sitt produksjonsgrunnlag: dyrka jord, beiteland, skogsmark m.m.
Naturverdiar og biologisk mangfald	Biologisk mangfald, viltførekomst, område verna etter naturvernlova, verna vassdrag og strandsone.
Landskap	Konsekvens for sårbare/verdifulle landskap og landemerke. Fjernvirkning av ny/endra arealbruk.
Kulturminne og kurlandskap	Freda eller verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eldre busetnad, gardstun, sårbare og verdifulle kurlandskap.
Areal og transport	Konsekvensar for transport- og utbyggingsmønster
Barn og unge	Leikeområde og oppvekstvilkår.
Nærmiljø og friluftsliv.	Helse og miljø. Ureining. Friluftsområde.
Infrastruktur og offentlege tenester	Trafikktryggleik, skule og barnehage, aldersheim, omsorgsbustad, offentlege tenester, servicetilbod, veg, vatn, avlaup, IKT
Grunneigarinteresser	Grad av samsvar med eigar sine ynskje /interesser.
Næringsutvikling og sysselsetting	Konsekvensar for lokal verdiskaping og sysselsetting.
Universell utforming	Tilrettelegging for alle brukargrupper, tilgjenge, likestilling
Samfunnstryggleik. ROS	Grunntilhøve, skred, flaum, ekstremvær, vind, nedbør, radon, havnivåstiging, dambrot, skog og grasbrann m.m.

4.2 Kunnskapsgrunnlaget.

Som del av arbeidet med planrevisjon har Vik Kommune utarbeidd/ fått utarbeidd fleire rapportar om deltema. Dei viktigaste er

- Kjerneområde Landbruk. Vik kommune. Rådmannen 2013
- Strandsoneanalyse Vik kommune. Rådmannen 2013
- Villreinen på Vikafjellet. NINA rapport 920 av 2013.
- Rasfare Seimsfjellet COWI 2012
- Skredfare Tenold HSF 2009
- Elvane Vikja og Hopra. Tilstandsrapport Bioforsk 2012

KU og ROS vurderingar er gjort på grunnlag av kjent kunnskap.

Dei viktigaste kjeldene i tillegg til rapportar over og lokalkunnskap er :

- Fylkesatlas (ras, flaum, naturområde, kulturminne, m.m.)
- Naturbasen
- Sognekart . Markslag m.m.
- Gardskart

4.3 ROS («risiko og sårbarheit»)

Vik kommune har utarbeidd overordna ROS-analyse som omfattar rapportar for 25 tema. Her er omtalt risiko og sårbarheit for tema som er vurdert å vera mest relevant for arealbruk.

***Skred** (steinsprang/skred, snøskred, flaumskred, lausmasse/jordskred)

***Flaum. Havstigning/stormflo**

***Radon**

***Støy**

***Høgspent**

***Ekspløsjonsfare.**

Skred: steinsprang/skred, snøskred, flaumskred, lausmasse/jordskred.

Store deler av kommunen er *aktsemdsområde* for skred. Deler av busetnaden ligg i slike område.

Riks- og fylkesveggar gjennom kommunen har strekningar som er svært rasutsette

Viktige utsette/sårbare område m. eksisterande og/eller planlagt busetting:

- Strekninga Vetløyri-Tenold i Vik. Påvist fare for steinsprang, jordskred, flaumskred (Tenold)
- Eks. bustadfelt Hopperstadmarki/Prestberget i Vik. Øvre del ligg i aktsemdsområde.
- Område for fritidsbustader Røyrvik-Svardal. Aktsemdsområde.

Eit fjellparti i Ovriddalen er under overvåking av NGU på grunn av rørsle over lang tid.

Tiltak i planen:

Nye byggeområde for bustader og fritidsbustader er i all hovudsak lagt til område trygge for skred. Område med fare/risiko er viste som omsynssoner, med krav til vidare utgreiing og/eller sikring.

Flaum. Havstigning/stormflo.

NVE har laga *flaumsonekart* for Vik sentrum/Flatbygdi, inkludert nedre løp av elvane Hopra og Vikja. Kartet tek opp i seg stormflo. Det er ikkje utført anna flaumsonekartlegging i Vik kommune.

100 års stormflo-nivå i Vik kommune er stipulert til 248 cm over middelveasstand i 2100. (DSB 2009)

Pårekna høgste nivå for 1000-års stormflo i 2100 i Vik : 283+25cm = 308cm over middelveasstand. (Utrekning etter tilråding i NOU 2010:10, og stormflonivå DSB 09)

Nedre deler av Vik sentrum, og nærings/industribygg langs Vikja ligg i flaumutsett område.

Store deler av det verna trehusmiljøet ligg med golvnivå under nivå for 1000-års stormflo.

Deler av avløpsnettet langs sjøfronten på Vikøyri ligg vesentleg under nivå for 1000 års stormflo.

Deler av busetnaden i strandsona i Fresvik , og Arnafjorden ligg under nivå for 1000 års stormflo.

Vassdrag.

Nedre del av elva i Fresvik har fløymt over ved fleire høve, og gjort skade på areal langs elva.

Elva er ikkje regulert. Det er registrert flaum/rashendingar i fleire mindre vassdrag .

Tiltak i plan:

- Nye byggeområde for bustader og fritidsbustader er i all hovudsak lagt til område trygge for flaum.
- Område med fare/risiko er viste som omsynssoner, og/eller med krav til vidare utgreiing/sikring .
- Krav i føresegnene om ROS-analyse for alle tiltak i tryggleikskasse F1 under kote 3,5 og for F2 og F3 under kote 4,0.

Radon

Det ikkje utført systematisk kartlegging av radonverdiar i kommunen.

Utførte målingar kan tyda på risiko for verdiar over terskel i deler av kommunen.

Vik Kommune har i verksett måling og overvåking i alle kommunale bygg.

Det er ikkje registrert radonverdiar ut over tiltaksgrense bortsett frå Valsvik Skule, der tiltak er gjennomført.

K-ROS tilrår å gjennomføra radonmåling i alle deler av kommune.

Det er forutsett at tryggleik mot radon vert ivareteke i samband med byggesaker.

Tiltak i plan: Ingen

Støy

Støyplage i plansamanheng er i all hovudsak knytt til *vegtrafikk*. Trafikken på RV13 er den dominerande støykjelda.

Statens Vegvesen har laga *støysonekart* langs riks og fylkesvegar i Vik Kommune.

Det er sannsynleg at deler av busetnaden langs RV 13 har støyplager ut over dei terskelverdiar som er tilrådde i retningsline T-1442 av 2005.

Statens vegvesen ventar ein vesentleg auke av årsdøgntrafikken på RV13 med tunnel under Vikafjellet.

Det er forutsett at tiltak mot støyplage vert ivareteke i samband med regulering og byggesaker.

Tiltak i plan:

Nye byggeområde for bustader i Vik og på Vangsnes er lagt i god avstand frå RV13.

Høgspenst.

Som stor kraftprodusent har Vik kommune store anlegg for produksjon og distribusjon av elektrisk straum. Linjenettet er omfattande, med spenningsnivå opp til 320 kv.

Tiltak i plan:

Høgspenst linjenett er viste på plankartet, og tilhøyrande sikringssone er omtalt i føresegn.

Ekspllosjonsfare.

Det er registrert 3 godkjende anlegg for lagring av sprengstoff.

Tiltak i plan: Sikringssone rundt anlegga er viste på plankartet som omsynssone, med tilhørande føresegn.

ROS i KU for delområde

For 38 delområde er utarbeidd KU. For alle er ROS- vurdering dokumentert med utfylt Sjekkliste. Vesentlege funn/moment overført til KU under tema: Samfunnstryggleik. ROS Sjekkliste fylgjer KU som vedlegg.

4.4 KU for planen sin samla verknad

Her er vurdert samla konsekvensar av alle framlegg om ny eller vesentleg endra arealbruk, samt arealstrategiar nedfelt i planen.

Konsekvensar er vurdere og omtalte temavis som for delområde, så langt det passar.

Minusteikn = negativ konsekvens Plussteikn = positiv kosekvens.

Landbruk. Areal i daa, avrunda.

Arealrekneskap. Omdisponering til/frå LNF i høve til plan av 2005

A. Dyrka jord. KD: Kjerneområde dyrka mark. AD: Anna dyrka mark

Nye område i planen	KD	AD	Tilbakeføring til landbruk i ny plan.	KD	AD
Sæbø, Vik fengsel m.m.	9	15	Tenne, Arnafjorden	28	25
Tenold	20	25	Røyrvik		27
Hesjaslette		12	Vik/Gildhus	7	
Djuvik-Vangsnes	5	25	Djuvik	28	5
Feios-Fresvik		21			
Vegar/anna	6	4			
Sum	40	103		63	57

- Omdisponering frå landbruk (LNF) til byggeområde i ny plan: 143 da
- Tilbakeført frå byggeområde til landbruk(LNF): 120 da
- **Netto omdisponert dyrka jord i ny plan** **23da (2daa/år)**

B Anna LNF-areal (beite, utmark) . Større område. Avrunda tal

Nye område i planen	daa	Tilbakeføring til landbruk i ny plan.	daa
Hytteområde Skorge, Hovland,Tveit	330	Seimsfjellet (hytteområde)	1160
Øvre Bødalen. Nyastøllia og Kålsetlia.	920	Fosse/Ovridsfjellet	1120
LNF spreidd. Fosse og Skjelingen	780	Øvre Bødalen-Storehaug	1800
Feios	40	Røyrvik-Svardal-Ligtvor	500
Nese	40	Tenne	420
Vangsnes	400	Skjelingen sør	350
Anna (stipulert sum, mindre område)	100	Anna (stipulert sum, mindre område)	100
Sum	2610		5450

Netto tilbakeført utmarksareal og beite (LNF-areal utanom dyrka mark): 2840 da

Negativt:

-Tap av produksjonsgrunnlag i form av dyrka jord. Svekkja driftsgrunnlag for fleire bruk.

Positivt:

+Tilbakeføring av ca 120daa dyrka mark og store utmarksareal til LNF-formål.

Bevaring av store areal som utmarksbeite .

+Planen oppfyller mål i planprogrammet om mindre enn 10da forbruk av dyrka jord pr. år.

+Ein stor del av omdisponerte areal har redusert landbruksverdi /driftsulemper på grunn av dårleg arrondering og/ eller eks. busetnad i eller inntil området.

+ Det er utført registrering og verdsettjing av landbruksareal i eigen rapport: kjerneområde landbruk.

+ Planen legg til satsing på Vangsnes som utbyggingsområde, for å redusera presset på sentrumsnært jordbruksareal i Vik.

Naturverdiar og biologisk mangfald. Naturmangfaldslova

Negativt

- Fortetting av eks. hytteområde i villreinområdet på Vikafjellet , og eit eventuelt alpinanlegg i Øvre Bødalen i randsona til villreinområdet kan føra til auka uro for reinen.
- Område med registrert *prioritert naturtype* på Nese kan gå tapt/bli forringa som resultat av omdisponering til byggeområde for hytter .

Positivt:

- + Planen legg ikkje opp til inngrep eller endringar i freda og verna område etter NML.
- + I *strandsona* legg planen opp til å tilbakeføre relativt store areal og strekningar frå *byggeområde* til *LNF- område* og *friluftsområde*: om lag 2200m strandlinje, medrekna elvedeltaområdet på Tenne (registrert som prioritert naturtype) og store deler av strandsona Juvik-Tveit.
- + 1300 daa byggeområde for hytter på Fosse og i Skjelingen , avsett i plan av 2005 er trekt ut, på grunn av konflikt med viktige trekkveggar for villreinen.
- + Samla byggeområde for hytter på Vikafjellet er reduisert med ca 600da, og nybygging skal skje som moderat fortetting av eksisterande utbygde område med låg konfliktgrad med villreininteresser.
- + Område avsett i plan av 05 til *Idrettsanlegg* i randsona til villreinområdet i området Øvre Bødalen-Storehaug er redusert med ca 1000da.
- + Villreinområdet som *omsynssone*. For villreinstamma vil ny *tunnel* under Vikafjellet fjerna uro og barriereverknad frå vegtrafikken i vinterhalvåret, og gje vesentleg reduksjon i sommarhalvåret.
- + På Seimsfjellet mellom Vik og Vangsnes er eit byggeområde for hytter på 1160 daa trekt ut, og eit naturområde på 4500daa vist som *omsynssone bevaring av naturmiljø*.
- + Nye tiltak/byggeområde i planen reduserer ikkje inngrepsfrie område(INON)
- + Nye tiltak/byggeområde i planen er ikkje til skade for truga eller nær truga artar eller naturtyper.

Vurdering i høve dei miljørettslege prinsippa i NML §§ 8-12

- § 8: Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg på kommuneplannivå.
- § 9. «Føre var-prinsippet». For tiltak i område med registrerte *prioriterte naturtypar* krev planføresegnene at tiltaket vert utforma med sikte på minst mogeleg skade på naturtypen. For større nye tiltak er det generelt stilt krav om reguleringsplan, der krav etter NML må oppfyllest på eit meir detaljert nivå.
- §10 Planen legg opp til å *redusera den samla belastninga* på naturområde i kommunen, ved tilbakeføring av store byggeareal i sårbare område i høgfjellet og i strandsona til LNF-formål.
- §§11 og 12: Tiltakshavar vert pålagt å syta for for regulering og skadeavgrensing i samband med byggetiltak i område med prioritert naturtype på Nese .

Landskap

- + om lag 2 km strandsone vert tilbakeført frå byggeområde til LNF i ny plan. Det inkluderer m.a. deltaområdet på Tenne i Arnafjorden og deler av strekninga Djuvik-Vangsnes
- + Store urørde område på Vikafjellet og på Seimsfjellet mellom Vik og Vangsnes vert tilbakeført frå byggeområde i plan 05, til til LNF-formål i ny plan.
- + Nybygging vert i hovudsak lagt til eks. påverka område.
- Skibakke/alpinanlegg i Nyastøllia vil medføre synlege inngrep/anlegg i lisona.
- Byggeområde på austsida av Vangsnes kan gje uheldig fjernvirkning, om det ikkje vert sett rammer og vilkår for utbyggingstiltak.

Kulturminne og kulturlandskap

- I nokre avsette byggeområde er det registrert potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.
- Manglar oppdaterte opplysningar om SEFRAK-bygg. Manglar kulturminneplan. (under arbeid)
- +Utvalde kulturlandskap er lagt inn på planen som *omsynssoner*
- + Ingen SEFRAK-bygg er forutsett fjerna som fylgje av tiltak i planen.

Areal og transport.

Negativt

- Noko auka lokal biltrafikk Vik-Vangsnes og Vik sentrum-Hovsåsen.

Positivt:

- + Nye, større byggeområde for bustader, har gangavstand til skule/lokal service, og til hovudtrasear for buss.
- + Planen legg opp til ein større del konsentrert bustadbygging, og høgare arealutnytting i sentrumsområdet.
- + Ny trase for FV121 vil skjerma området Sæbø for gjennomgangstrafikk, og avlasta sentrumsområdet
- + Planen legg opp til gang- og sykkelveg langs RV13 mellom Vik og Vangsnes

Barn og unge

- + Nye, større byggeområde for bustader i Vik, Vangsnes Feios og Fresvik har gangavstand til skule/lokal service, og/eller til hovudtrasear for buss.
- + Planen legg til rette for betre tilkomst og tomt for Vik Barnehage, samt grønt bufferområde mot industriområdet.
- + Planen viser nye gang/sykkelveg langs riksveg og fylkesveg i Vik, Feios og Fresvik.

Nærmiljø og friluftsliv.

- + Planen legg opp til nye sentrumsnære friområde i Fresvik, Feios og på Vangsnes.
- +Planen legg til rette for nye småbåthavner i Arnafjorden, Røyrvik og Feios , samt utviding av eks. havn på Vangsnes.
- + Planen viser nytt område for alpinanlegg/skibakke i Nyastøllia.
- + Planen viser omsynssone friluftsliv i øvre Bødalen og Skjelingen.
- Planen legg opp til omdisponering av eit landbruksareal i Vik sentrum (avsett i plan 05 til formål: *friområde/labyrint*) til *byggeområde, sentrumsformål*.

Infrastruktur og offentlege tenester

- + Nye utbyggingsområde for bustader knyter seg i stor grad til eksisterande infrastruktur.
- + Vidare hyttebygging på fjellet er avgrensa til fortetting av nokre eks. hytteområde.
- Nye hytteområde Skorge og Tveit/Øksdal vil krevja opparbeiding av vegar, og anlegg for avlaup og vatn.
- Etablering av massedepot m.m. på Hesjaslette forutset vegbygging langs elva, og framføring av Tekniske anlegg.

Grunneigarinteresser

- Tilbakeføring av store utmarksareal frå byggeområde til LNF gjev redusert inntekstspotensiale for nokre grunneigarar.
- Omdisponering av landbruksareal til byggeformål og/eller friområde gjev redusert produksjonsareal for nokre bruk.
- + Omdisponering av LNF-område til byggeformål gjev verdiauke og inntekstspotensiale for nokre grunneigarar.
- + Innspel frå grunneigarar er i stor grad imøtekomne i planforslaget.

Næringsutvikling og sysselsetting

- +Planen viser nye byggeområde for næringsverksemd på Vangsnes, i Feios og Fresvik. Til saman 104daa.
- + Planen viser ca 40da i området Hesjaslette avsett til massedepot/masselager m.m. Området skal avlasta sentrumsnære næringsareal, og leggja til rette for meir arealintensiv utnytting av næringsareal i sentrumsområdet.
- På Tenne i Arnafjorden legg planen opp til å tilbakeføra deler av avsette næringareal og massetak til LNF-formål. Viste areal i ny plan er vurdert å vera rikeleg store for pårekna behov.

Universell utforming. Folkehelse

- +Nye større bustadområde i planen i Vik og Fresvik ligg sentrumsnært i terreng med lite eller moderat fall. Nye område på Vangsnes og i Feios ligg og sentrumsnært, men har meir variert e fallforhold. For alle gjeld det at vilkåra for UU i stor grad er til stades.
- Nye område for hyttebygging ligg i til dels bratt terreng, og for store deler vil UU verta vanskeleg å oppnå.
- + Planen legg opp til at fleirtalet av nye bustader får gang- og sykkelavstand til Vik sentrum, og/eller vesentlege fellesfunksjonar. Planen legg såleis til rette for redusert bilbruk, og auka fysisk aktivitet.
- + Planen *tilbakefører* store areal og strekningar i strandsona frå byggeformål til LNF og friluftsførmål.

Samfunnstryggleik. ROS

- + Nye areal for utbygging er i all hovudsak lagt til område utan rasfare. For område med potensiell rasfare er det stilt krav om geologisk undersøking for avklaring av reell rasfare og evt. sikringstiltak.
- + Byggeområde med potensiell rasfare (aktsemdsområde) vist i plan 05 er reduserte i omfang.
- + Byggeområde for hytter i nedslagsfelt for Vik Vassverk er redusert med ca 600daa.
- + Det er utført ROS-vurdering for alle delområde med KU-krav.
- For eksisterande byggeområde Hopperstad/Prestberget bustadfelt i Vik i « aktsemdsområde snø og steinskredfare» er det ikkje utført undersøking av reell rasfare.
- Planen opnar for fortetting av nokre eks. hytteområde i nedslagsfelt for Vik Vassverk. Dette kan auka ureiningspresset på drikkevasskjelda. Generelt forbod mot innlagt vatn gjer at ureiningspotensialet er vurdert å vera marginalt i høve til andre kjelder i nedslagsfeltet. (Vegtrafikk, beitedyr, generell ferdsel, lufttransportert ureining.)
- Det er ikkje utført undersøking av *flaumfare* i vassdrag utanom nedre deler av Hopra og Vikja.

5.0 Føresegner og retningslinjer

Føresegner

Føresegnene er saman med plankartet **juridisk bindande for framtidig arealbruk** (Pbl § 11-6) Føresegnene inneheld både generelle føresegner som gjeld for fleire arealbruksføremål, og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet.

Føresegnene gjeld ikkje for område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda framfor kommuneplanen. (omsynssoner etter §11-8,f)

Avvik frå føresegnene skal handsamast som dispensasjon.

Kapittelet er redigert i samsvar med Pbl §§11-7 og 11-8.

- 1 Generelle føresegner.
- 2 Byggeområde
- 3 Trafikkområde. Samferdsel og infrastruktur
- 4 Grønstruktur
- 5 LNF-område
- 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag.
- 7 Omsynssoner

1.0 Generelle føresegner § 11-9

1.1 Krav om reguleringsplan.

Areal sett av til bygg og anlegg etter Pbl § 11-7 nr.1, og samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2 skal inngå i ein *reguleringsplan*, før tiltak som krev søknad og løyve etter Pbl §§ 20-1 og 20-2 er tillate, når ikkje anna er sagt under det enkelte føremål. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1

1.2 Rekkefylgjekrav.

Areal sett av til bygg og anlegg jf. Pbl § 11-7 nr. 1 kan ikkje takast i bruk før trafiksikker vegtilkomst, vassforsyning, avlaupsanlegg samt energiforsyning er etablert.
Heimel: Pbl § 11-9 nr. 4

1.3 Utnyttingsgrad

I område der det ikkje er fastsett anna utnyttingsgrad i gjeldande planar, er maksimum utnyttingsgrad 25 % BYA.
Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5

1.4 Byggegrense i strandsona.

Byggegrense i strandsona er 100 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan.

For areal i strandsona sett av til naust i reguleringsplan eller kommuneplan er byggegrense 0 m .

For nokre byggeområde vert byggegrense gjeve i tabell under :

Byggeavstand	Område. (Plan -ID for reguleringsplan i parentes)
10m	Vik sentrum (avgrensing i figur side 9), Fresvik sentrum (1417 1982001)
25m	Sinklesteinsviki, Vangsnes (1417 1978001), Rinde bustadfelt, Feios (14171984001)
30m	Nordre Vangsnes (1417 1990003)

For eksisterande bygningar innanfor grenser ovanfor kan det gjevast løyve til tiltak etter Pbl § 20.2. Heimel: Pbl § 11.9 nr 5

1.5 Skilt- og reklameinnretningar.

Skilt og reklameinnretningar kan berre setjast opp etter løyve frå Vik Kommune.

Løyve kan berre gjevast mellombels eller for eit nærare avgrensa tidsrom.

I bustadområde er reklameinnretningar ikkje tillate.

Ellers skal Pbl. § 30-3 gjelda.

I kommunen si *vurdering* av om skilt og reklameinnretningar er i samsvar med Pbl. §30-3, skal Vik Kommune sine *Retningsliner for skilt og reklameinnretningar* leggjast til grunn.

Heimel: Pbl § 11-9 nr.5

1.6 Mellombels og flyttbare konstruksjonar og anlegg .

Plassar for oppstilling av bubilar og campingvogner med tilknytte fortelt og liknande kan berre etablerast og opparbeidast etter godkjent reguleringsplan. Heimel: §11-9 pkt. 6

1.7 Universell utforming. §§1-1 og 11-9 nr.5

Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn for planlegging og opparbeiding av bygningar og anlegg for å sikra tilgjenge til bygningar og uterom for alle.

Viktige utandørs gang samband skal vera trinnfrie med største stigning 1:12, så langt terrenget gjer det mogeleg.

1.8 Utbyggingsavtalar. § 11-9 nr. 2

Utbyggingsavtale etter Pbl. § 17 mellom kommunen og grunneigar eller utbyggjar kan nyttast i heile kommunen i samband tiltak som forutset bygging av anlegg til offentlege føremål eller tilpassing til slike anlegg. Avtale skal ha grunnlag i vedteken kommunal arealplan.

Avtale kan innehalda føresegner om vegar og parkeringsplassar, grønstruktur og friluftsområde, VAR-løysingar og forkjøpsrett.

1.9 Tilhøve til gjeldande reguleringsplanar.

Kommuneplanen gjeld framfor eksisterande reguleringsplan ved motstrid, med slike unntak:

- Reguleringsplanar viste som omsynssone H910 på plankartet.

- Areal i gjeldande reguleringsplanar regulert til *spesialområde, verneverdig busetnad* etter pbl. §25.6 av 1985.

Heimel: §11-8, f)

1.10 Byggegreenser langs høgspenlinjer. § 11-9 nr.5

Høgspenlinjer er viste på planen som linjesymbol Sosi-kode 1167.

Avstandar under er målt horisontalt ut frå straumførande linje.

Spenningsnivå	22Kv	66Kv	320Kv
Minste byggeavstand	6.0m	6,2m	8,3
Krav om ROS-vurdering for bygningar for varig opphald nærare enn -- (jfr. Statens strålevern: « Bolig nær høyspentanlegg»)	18m	25m	70m

2.0 Bygningar og anlegg. Pbl § 11-7 nr. 1

Formålet omfatter, bustader, fritidsbustader og naust, offentlig og privat service, forretningar, kontor- og næringsbygg, idrettsbygg, andre bygningar og anlegg samt råstoffutvinning.

2.1 Bygningar og anlegg Sosi 1001

2.1.1 Fritak for reguleringskrav i eksisterande byggeområde

I heilt eller delvis utbygde område avsette til bygningar og anlegg etter §11-7,nr.1 kan det gjevast løyve til nye byggetiltak utan regulering, dersom nye bygg kan nytta seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem. Omfang er avgrensa til 1 bustad/fritidsbustad og/eller og 200 m² BRA. Nye bygg skal innpassast i eksisterande struktur, og underordne seg eksisterande bygg når det gjeld høgde, volum og grad av utnytting, og skal knyte seg til eksisterande tekniske anlegg. Heimel: Pbl § 11-10.nr 1

2.1.2 Fritak for reguleringskrav for mindre tiltak etter Pbl. § 20-2a

På bebygd eigedom på areal sett av til bygningar og anlegg (§11-7 nr.1) kan det gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2a utan reguleringsplan. Dette gjeld tilbygg, påbygg, frittstående uthus/garasje, andre mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet/anlegget. Heimel Pbl § 11-10 nr. 1

2.1.3 Føresegner for arealbruk i område avsette til Bygningar og anlegg, SOSI-kode 1001.

Formålet gjeld nokre eksisterande område med blanda arealbruk, og nokre område med arealbruk som ikkje høver i standardformål etter forskrifta. Heimel: §§ 11-7,nr.1 og 11-9nr.1

	Område/felt	Krav om reg. plan	Arealbruk. Merknader
BA-1	Nese	Ja	Bustader, fritidsbustader, turisme, kaianlegg, forsamlingshus.
BA-2	Indrefjorden	Ja	Bustader, fritidsbustader og naust/kaianlegg
BA-3	Osen, Framfjorden	Ja	Bustader, fritidsbustader, naust/ kaianlegg.
BA-4	Mølla i Framfjorden, m.m.	Ja	Framtidig arealbruk avklarast i reguleringsplan. Eks. naust vidareførast. Aktuelt landareal for småbåthavn VA3.
BA-5	Limmesand	Nei	Bustader og næring
BA-6	Osen i Feios	Ja	Bustad, forretning, kai/samferdsel, småbåthavn.
BA-7	Fresvik sentrum vest	Ja	Bustader, fritidsbustader, turisme, naust og kaianlegg,
BA-8	Hove Kraftverk	Nei	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg.
BA-9	Refsdal kraftverk	Nei	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg.
BA-10	Målset kraftverk	Nei	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg.

2.2 Bustader sosi 1110

Føremålet gjeld byggjeområde for bustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal, jfr. Pbl § 11-7 nr. 1

2.2.1 Utnyttingsgrad i nye område for bustader. Heimel: §11-9, nr.5

Reguleringsarbeid for nye bustadområde skal leggja til grunn fylgjande utnyttingsgrad :

Bustadområde	Utnyttingsgrad: Tal bustader / da, inkludert interne trafikkareal og fellesareal. Minimumstal.
B1 og B3-B11	0,5
B2 Tenold, Vik	1,0
B21, B22, B23, B24 (Vik sentrum)	2,5

2.2.2 Leikeareal i bustadområde. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5

Leikeareal skal vere store nok og eigna for lek og opphald heile året, og sikra mot støy, ureining, trafikkfare og annan helsefare. Leikeplassar skal vere sentralt plassert i bustadområdet, med trygg tilkomstveg.

Det skal setjast av minimum 50 m² til leikeareal pr. bustadeining i område for frittliggjande bustader. I områder for konsentrert busetnad skal det setjast av minimum 25m².

2.2.3 Krav til biloppstillingsplassar.

Det skal vere 2 biloppstillingsplassar pr. bueining, og bilar må kunne snu på eigen grunn, dersom ikkje anna vert fastsett i reguleringsplan Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5

2.2.4 Rekkefylgjekrav i reguleringsplanar.

Reguleringsplanar for bustadområde skal innehalde rekkefylgjekrav som sikrar at leikeplassar er opparbeidde og ferdigstilte før det kan gjevast bruksløyve for bustader.

Heimel: Pbl § 11-9 nr. 4

2.3 Fritidsbustader og naust SOSI 1120

Føremålet gjeld byggeområde for fritidsbustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal, jf. Pbl § 11-7 nr. 1

Område for fritidsbustader er viste på plankart med områdenamn F1- F6.

Område for naust er viste på plankart med områdenamn FN1- FN 8, og påskrift *naust*.

2.3.1 Generelle føresegner for fritidsbustader Pbl §§ 11-9 nr. 5 og 11-10 nr.2

Når ikkje anna er fastsett i kommuneplanen eller godkjent reguleringsplan gjeld fylgjande:

- Brutto bruksareal (BRA) for ein fritidsbustad er maksimum 120 m², inkludert evt. uthus og anneks, men utan areal til biloppstilling.
- Største areal for hovudbygning er 100m² BRA
- Anneks skal ha avstand mindre enn 6 m frå hovudbygning.
- Taktekking skal vera av ikkje-reflekterande materiale.
- Største høgd til takfot skal vera 3,5m, og største mønehøgd 6m over ferdig terreng. Synleg del av grunnmur skal ikkje overstiga 1,0m.
- Framføring av evt. leidning for el/teleinstallasjonar skal skje i kabel lagt i bakken.
- Oppsetting av gjerde er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti for husdyr. Største inngjerda areal er 15m².
- Til kvar hytte skal det vera opparbeidd P-plass for min. 2 bilar, med godkjent avkjørsle frå offentleg veg. P-plass kan vera felles for fleire hytter/brukarar.
- Fritidsbustader skal i form, farge og materialbruk vera tilpassa og ta omsyn til omliggjande natur- og bygningsmiljø.
- Skjæring/fylling i samband med byggearbeid skal dekkast og tilsåast/plantast med stadeigen vegetasjon.

2.3.2 Reguleringsplan for fritidsbustader Pbl § 11-9 nr. 8

Reguleringsplan for fritidsbustader skal syna/gjera greie for:

- kotehøgder, plassering av bygningar, avkjørsle, parkering og tilkomstveg til hyttene.
- Terreng og vegetasjon før og etter utbygging.
- Framføring/løysing av vassforsyning, avløp og evt. el/teleinstallasjonar

2.3.3. Område LNF-H6 Skjellingavatnet sør. Heimel: §11-9 nr.5

- På området kan det oppførast inntil 31 hytter , i samsvar med reguleringsplan av 2002 for Skjellingavatnet sør.
- Føresegner til reguleringsplan gjeld for området så langt dei ikkje er i strid med denne planen .

2.3.4 Område F1 og F10 Morki/Kråna .

- Reguleringsplan skal ta særskildt omsyn til registrert *prioritert naturtype* i området.
I samband med regulering skal det gjerast undersøking/utgreiing av naturmangfaldet innafor naturtypelokaliteten.
 - Bygging skal avgrensast til maksimalt 20 nye hytter i heile området, og anlegg for tilhøyrande småbåtar/naust skal løysast som eitt, maksimalt to fellesanlegg
- Heimel: § 11-9 nr. 5 og 6

2.3.5 Generelle føresegner for naust.

Naust er bygningar for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap.

Det er ikkje høve til å omdisponera eller nytta naust som fritidshus eller bustad.

Når ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan gjeld fylgjande føresegner for naust:

- Naust skal ha største grunnflate 50m2 og saltak med takvinkel mellom 28 og 45 grader.
Altan, utkraging, takoppløft eller ark er ikkje tillete.
 - Ytterflater skal ikkje ha reflekterande kledning.
 - Topp møne skal vere maksimum 5meter frå lågaste golvnivå eller frå normalt høgvatn.
 - Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 5 % av hovudplanet sitt bruksareal.
 - Det er ikkje tillete med gjerde/levegg eller andre stengsler ved naust.
 - Terrenginngrep i samband med bygging skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Heimel: Pbl § 11-10 nr. 2

2.4 Sentrumsføremål sosi 1130

Føremålet gjeld sentrumsområde med tilhøyrande sentrumsfunksjonar som forretningar og kontorbygg, offentleg og privat service, bustad, turistformål, grøntområde og infrastruktur, jf. Pbl § 11-7 nr. 1 Områda er viste på plankart med signatur: S1 - S13

2.4.1 I område for sentrumsformål er det tillate med kombinerte bygg for kontor/forretning/bustad. Ålment tilgjenge skal ha fortrinnsrett på gatenivå og skal vere planlagt i tråd med krav til universell utforming. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5

2.4.3 Område S9 skal regulerast med krav til høg utnytting, og inntil 3 etasjar byggehøgde. 1.etasje planet skal reserverast for andre formål enn bustad. Heimel: Pbl 11-9 nr. 5

2.5 Offentleg eller privat tenesteyting SOSI 1160

Føremålet omfattar skule, barnehage, Bygg for helse og omsorg, samt kyrkjer og organisasjonseigde forsamlingslokale .

Områda er viste på plankartet som T1-T41.

2.5.1 Område for *offentlege bygg/føremål* er merka med «O» på plankartet.

Heimel: §11-10 nr. 3

2.5.2 Minste byggeavstand 60m til dei listeførde kyrkjene på Nese og Vangsnes, i Feios og Fresvik er vist på plankartet med byggegrense.

2.6 Fritids- og turistformål SOSI 1170

Føremålet omfattar hotell/pensjonat, utleiehytter, campingplassar, turisthytter.

Områda er viste på plankartet som FT1 - FT6.

2.6.1 Campingplassar.

Oppføring av bygningar og anlegg medrekna spikartelt og liknande. er søknadspliktig.

2.7 Råstoff utvinning. SOSI 1300 Krav om reguleringsplan og driftsplan.

Områda er viste på plankartet som R1 – R5.

2.7.1 For område avsett til råstoffutvinning/ masseuttak eller vesentleg utviding av eksisterande uttak (over 10.000 m³) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i plan- og bygningslova kap. 20, eller gjennomførast frådeling til slike føremål utan godkjent reguleringsplan, og *driftskonsesjon meddriftsplan* innvilga av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplan skal gjera greie for m.a. framdrift i driftsperioden, sikring og opprydding, tilbakeføring og etterbruk av området når drifta er avslutta.

2.7.2 Område R5, Havnen Vangsnes.

Etterbruk av området skal vera *næringsareal*, som tillegg til avsett område N8 Raudegjerdet.

Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1 og nr 8

2.8 Næringsområde 1300

Føremålet gjeld område for etablering av næringsverksemd med tilhøyrande teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal, jf. Pbl § 11-7 nr.1

Områda er viste på plankartet som N1 – N12.

2.8.1 Det skal etablerast *bufferoner* med vegetasjon mellom næringsområde og nærliggjande område for bustader og/eller offentlege føremål.

Der bufferonar ikkje er avsette som eigne areal i reguleringsplan skal dei etablerast på areal avsett til næringsareal. Pbl § 11-9 nr. 6

2.9 Idrettsanlegg 1400

Formålet omfattar skytebane på Tenne, Vik Aktivitetspark, Fresvik stadion, og område i Øvre Bødalen for Vik skisenter, lysløyper og alpinanlegg.

Områda er viste på plankartet som I1 – I5.

2.9.1 Mindre tiltak kan tillatast utan reguleringsplan: rydding og opparbeiding av skiløyper og stiar, mindre bygg inntil 50m² BYA, og mindre anlegg for idrett og friluftsliv. Heimel: §11-10 nr.1

2.10 Andre typar bygg og anlegg. 1500

2.10.1 Massedeponi M1

Område er vist på plankartet som M1- Hesjaslette

På området kan det leggjast til rette for komposteringsanlegg (grønkompost), masselager for mellomlagring av massar og permanente massedepot, samt areal/løyper for trial-aktivitetar.

Det kan oppførast mindre bygg som er naudsynte for drifta av området/anlegget.

Før tiltak i området skal det liggja føre godkjend reguleringsplan.

Reguleringsplan skal innehalde krav om driftsplan som skal regulere tilhøva under og etter driftsperioden .

Det skal etablerast eit gøntbelte/buffersone langs elva for å hindra ureining av vassdraget.

Heimel: Pbl § 11-9 nr. 8

3.0 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur Pbl § 11-7 nr.2

Føremålet omfattar offentlege vegar og større trafikk/parkeringsareal, havner og tekniske anlegg .

Nye vegar er viste på plankartet som V1-V7

Område for parkering er viste som P1 - P10.

Område for Havner er viste som H1-H4

3.1 Framtidige vegar i plankartet

Framtidige vegar er viste på plankartet med linjesymbol og ID . Vist trase er rettleiande.

Endeleg trase skal vera avklara i reguleringsplan. Heimel Pbl. §11-9 nr. 8

ID	Veg
V1	Ny veg RV13 (V1) Bødalen -Tistel
V2	Ny veg/tunnel RV13 Vetløyri- Gotevik
V3A,V3B	Ny fylkesveg 121 Vange Bru- RV13 . 2 alternativ.
V4	Kommunal veg frå Tenoldtunet til fylkesveg 121
V5	Gang- og sykkelveg langs FV 121 Vange bru- Vik Fengsel
V6	Gang og sykkelveg langs FV182 frå FV181 til skulen i Feios.
V7	Gang- og sykkelveg Grundeland til sjøen i Fresvik
V8	Ny veg Vangsnes kyrkje-Tråna

3.2 Avkjørsler.

Nye avkjørsler eller utvida bruk av eks. avkjørsle frå riks- og fylkesveg skal godkjennast av Statens Vegvesen Region vest, og vurderast etter «Rammeplan for avkjørsler på riks- og fylkesvegar i Region vest», dersom avkjørsle ikkje er heimla i godkjent reguleringsplan.

Ny avkjørsle eller utvida bruk av eks. avkjørsle frå kommunal veg skal godkjennast av Vik Kommune i medhald av Veglova § 40.

Heimel: § 11-10 nr.4

4.0 Grønstruktur. Pbl. §11-7 nr.3

Formålet omfattar friområde, park, naturområde og turdrag i/nær tettstad eller lokale sentra. Områda er viste på plankartet med signatur G1- G21.

4.1 Områda kan opparbeidast og tilretteleggjast for allmen bruk og ferdsel, så langt råd med universell utforming. Tiltak ut over enkel tilrettelegging og mindre terrengarbeid skal vera avklara i reguleringsplan. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5

4.2 Område G6 skal vera offentleg friområde/park, og kan opparbeidast for leik, opphald og ferdsel.

Heimel: Pbl § 11-9 nr. 5

5.0 Landbruks- natur- og friluftsområde. Pbl § 11-7 nr. 5

Landbruks-, natur- og friluftsområde 5100

5.1 Føremålet gjeld landbruks- natur og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sine ressursar, jf. Pbl § 11-7 nr. 5 bokstav a

5.2 Byggegrense i strandsona for tiltak i landbruket. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 4

Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan oppførast i 100-metersbeltet langs sjøen dersom bygning vert plassert i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg. Unntak frå plassering i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg kan gjerast for tiltak som er knytt til bruk av sjøen.

For eksisterande bygningar og anlegg i 20-metersona kan det gjevast løyve etter §20.2

5.3 Bygningar i stølsområde. Heimel: Pbl § 11-11 pkt.1

Oppføring av stølshus kan berre tillatast på/i tilknytning til etablerte stølar og i samband med landbruksnæring.

Bygningar skal i form, materialbruk og fargebruk vera i samsvar med lokal byggeskikk i stølsområde.

Største byggegrunnflate for einskildbygg skal vera 60m², og største gavlbreidde 5m.

Evt. produksjonsbygg kan vera større.

Bygningar skal ha saltak med fall 25-40 grader, og tekking av ikkje-reflekterande materiale.

Største høgd til takfot er 3 m over terreng, og største høgd til møne 5m.

For bygningar på eksisterande grunnmur kan større høgder godkjennast.

Ytterkledning skal i hovudsak vera liggjande panel av tre.

Oppsetting av gjerde er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti for husdyr, og etablerte stølsgardar .

5.4 Spreidd hyttebygging. (LNF-spreidd, hytter) 5220

Føremålet gjeld spreidd hyttebygging med tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, vegar, parkering, jf. Pbl § 11-7 nr. 5 bokstav b.

Krav som gjeld for områda er gjevne i matrise under. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 1 og 2

	Område	Største tal Nye hytter	Vilkår
LNF-H1	Bjørkeviki	3	Krav til reguleringsplan.
LNF-H2	Fosse vest	3	Krav til reguleringsplan.
LNF-H3	Fosse nord	3	Krav til reguleringsplan
LNF-H4	Hestavollen	10	Krav til reguleringsplan.
LNF-H5	Skjelingen nord	5	Krav til reguleringsplan
LNF-H6	Skjelingen sør	0	Vilkår i kommuneplan og eks. reguleringsplan.

5.5 Ferdsl i Fjellheimen villreinområde

skal ta omsyn til viktige funksjonsområde for villreinen.

I tida 1.4 -1.7 skal det ikkje gjevast løyve til motorferdsel i eller nær kjende kalvingsområde.

Unntak kan gjerast ved fare for liv og helse, og samfunnsinteresser av stor vekt.

Heimel: Pbl §11-11 nr.6

6.0 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner. Pbl § 11-7 nr. 6.

6.1 Byggegrense langs vassdrag.

Langs elvane Fresvikelva, Feioselva, Vikja, Hopra, Dalselva og Fretheimselva er byggegrensa 30 m frå strandlinja målt horisontalt ved gjennomsnittleg flaumvasstand.

I 30- metersona kan det ikkje setjast i verk bygge- og anleggstiltak for bustader, næringsbygg, landbruksbygg, fritidsbygg og veg.

Langs elvane Vikja og Hopra er byggegrensa 15m på strekninga gjennom sentrumsområdet. Annan byggegrense kan fastsetjast i reguleringsplan.

Heimel: Pbl § 11-11 nr. 5

6.2 Småbåthavn 6230

Gjeld område avsette til småbåthavn med tilhøyrande kaiar, flytebrygger, naust og servicebygg, samt naudsynt manøverareal. For småbåthavner gjeld krav til reguleringsplan.

Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1

6.3 Ferdsel og farleier 6100 og 6200.

Gjeld etablerte skipsleier i sjø, samt ankringsplassar.

Tiltak og aktivitet på områda som kan vera til hinder for ferdsel er ikkje tillate.

Planlagde tiltak i nærleiken av skipsleier skal leggjast fram for Kystverket før løyve vert gjeve.

Heimel: Pbl § 11-11 nr. 6

6.4 Friluftsområde i sjø 6700

Gjeld område for friluftsliv i strandsona: bading, fritidsfiske, utfart og liknande.

Naturvenleg tilrettelegging for allmenne friluftsinteresser er tillate .

Tiltak som kan redusere verdien av området for friluftsliv er ikkje tillate.

Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3 og 6

6.5 Akvakultur. 6400

Gjeld område for oppdrett av fisk og skaldyr i sjø.

Tiltak og aktivitet på områda som kan vera til hinder eller skade for formålet er ikkje tillate.

Ankring /feste for anlegg kan gå utanfor vist areal.

Heimel: Pbl § 11-11 nr. 7

6.6 Fiske /lås plassar. 6300

Gjeld etablerte låssetjingsplassar for brisling VA 20-29

I områda har tradisjonelt fiske førerrett framfor andre aktivitetar

Heimel: Pbl § 11-11 nr. 7

7.0 Omsynssoner Pbl § 11-8 a-f

Omsynssoner kjem i tillegg til planformålet, og fastset gjennom føresegn eller retningslinjer kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området.

I denne planen er soner under a, c, d og f tekne i bruk. Sjå omtale i kap. 3.7 .

Til sonar under a, d og f er det gjeve juridisk bindande *føresegner*.

Til viste soner under c) er det gjeve *retningslinjer*. Sjå under.

§11-8 a) Sikringssone, støysone, faresone

7.1 Sikringssone for drikkevatn. H110

I område nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje setjast i verk tiltak etter Pbl §1-6 utan godkjend reguleringsplan.

Unntak er opprusting og utbygging med inntil 15 m² BRA av eks. fritidshus.

Fritidshus skal ikkje ha innlagt vatn eller avløpsanlegg til terreng eller vassdrag.

7.2 Faresone skred. H310

Område merka som faresone skredfare H310 er identisk med NGI si avgrensing av aktsemdsområde for snø- og steinskredfare.

Området er vist på eige temakart. For tiltak i området gjeld krav om ROS-analyse.

Tiltak innafor området skal vurderast av fagkunnig, og eventuelle naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført før området kan takast i bruk.

7.3 Faresone flaum langs Vikja og Hopra. H320

6.3.1 Område merka som faresone flaum H320 samsvarar med NVE si avgrensing av flaumutsett areal i Flatbygdi i Vik ved ein 200-årsflaum. Området er vist på eige temakart.

For tiltak innafor området gjeld krav til ROS-analyse.

Tiltak innafor området skal vurderast av fagkunnig, og eventuelle naudsynte sikringstiltak skal vere gjennomført før tiltak kan setjast i verk.

I samband med arealplanlegging skal det leggjast til grunn 20% auka flaumvassføring i høve til dagens 200-årsflaum.

6.3.2 For nybygg med kjellar på område som ligg inntil og mindre enn 2,5 m høgare enn flaumsona, må det liggja føre dokumentasjon for at kjellar er /vert sikra mot inntrenging av vatn, før løyve kan gjevast.

7.4 Faresone Eksplosjonsfare H350

Gjeld område rundt sprengstofflager H350 -1, 2 og 3

Tiltak innafor innfor faresona skal godkjennast av Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern.

7.5 Faresone skytebane H360

Gjeld fareområde rundt skytebana på Tenne, Arnafjorden I1

§11-8 d) Bandlegging i påvente av vedtak etter pbl. eller andre lover.

Bandlagde område etter Pbl eller anna lovverk

7.11 Bandlegging etter Naturmangfaldslova. H720

Gjeld område i Vik kommune som er verna etter Naturmangfaldslova:

H720_1 Stølsheimen landskapsvernområde

H720_2 Nærøyfjorden landskapsvernområde,

H 720_3 Eitrestendi naturreservat.

Tiltak i områda skal ikkje vera i strid med gjeldande føresegner for områda.

7.12 Bandlegging etter Kulturminnelova. H730

Gjeld område i Vik kommune som er freda , permanent eller mellombels, etter Kulturminnelova:

H730-1 Hopperstad stavkyrkje m. kyrkjegard

H730-2 Hove Kyrkje m. kyrkjegard

H730-3 Moahaugane

Tiltak i områda skal ikkje vera i strid med gjeldande føresegner for områda.

Bandlegging omfattar og automatisk freda kulturminne som er merka i kartet med rune-R.

7.13 Bandlegging for regulering H710

Gjeld område som er bandlagt for regulering etter plan- og bygningslova.

Bandlegginga gjeld inntil 4 år frå vedteken kommuneplan.

7.13.1 Område H710_1 er område for ny skytebane på Vangsnes.

Reguleringsplan skal avklara tilkomst og parkering , type anlegg, faresonar og andre viktige forhold med tanke på eit sikkert og velfungerande skytebaneanlegg. Heimel: Pbl § 11-8 bokstav d

7.13.2 Område H710_2 er område for massedepot/masselager i Åfedtdalen Feios.

Området omfattar areal avsett til massedepot i konsesjon for Feios Kraftverk.

Føremålet med bandlegging for regulering er å leggja til rette for uttak og bruk av deponerte steinmassar frå anleggsdrifta. Planen skal m.a. avklara tilkomst, uttaksmengde, rekkefylgje, tilstelling og etterbruk av området.

§11-8 f) Område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda .

7.21 Sone for vidareføring av reguleringsplan H910

Gjeld område der eksisterande reguleringsplanar skal gjelda. Planidentitet er ført på kartet.

Heimel: Pbl § 11-8 bokstav f

Sone	Område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda .	Plan-id. (årstal- løpenr.)
H910-1	Utleiehytter Nese	2006009
H910-3	Gbnr. 60/4. Åsstrondi, Arnafjorden.	2011003
H910-4	Valsvikhammaren.	2006001
H910-5	Ligtvor	2008003
H910-6	Hove-Moahaugane-Hopperstad	2009003
H910-7	Sjøfronten på Vikøyri	2009004
H910-8	Detaljregulering Hopperstad	2012003
H910-9	RV13 Bødalen-Tistel	2012005
H910-11	Rinde hyttefelt	2007004
H910-12	Solali, Fresvik	2007005
H910-13	Nausttomter/småbåthavn Øyri i Fresvik	2006007
H910-14	A.Fedje. Hytter 159/14	2008001

RETNINGSLINER

Retningslinene under legg føringar for handsaming av plan og byggesaker for administrasjonen og folkevalde. Retningslinene kan ikkje brukast som sjølvstendig heime for vedtak.

1 Omsynssoner etter Pbl § 11-8, bokstav C).

1.1 Omsynssone villrein H520.

Omsynssona er i hovudsak samanfallande med Fjellheimen Villreinområde, med mindre tilpassingar for viktige friluftsområde nær busette område. Omsynssona omfattar nær alt areal over kote 700.

Føremålet er å hindra at leveområde og levkår for villreinstamma vert forringa.

Inntil *interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde* er godkjent, gjeld fylgjande *retningslinjer*:

- Tiltak skal vera heimla i reguleringsplan.
- Alle søknader om dispensasjon skal sendast *Villreinnemda* til uttale før avgjerd.
- Mindre tiltak, medrekna inntil 15 m2 BRA utviding på eks. hytter kan godkjennast utan reguleringsplan.
- Motorferdsel i utmark bør avgrensast med ein restriktiv praksis for tildeling av løyve. Løyve bør organiserast som leigekøyning i faste trasear.
- Det bør lagast ein sti- og løypeplan med mål å styra ferdsel utanom sårbare område.
- Organisert ferdsel og guida turar bør leggjast utanom viktige funksjonsområde for reinen.
- Utfartsparkering langs RV13 bør styrast til opparbeidde parkeringsplassar utanom viktige trekktruter for reinen.
- Det bør settjast opp infotavler om villreinen ved viktige knutepunkt for utfart/parkering.

1.2 Omsynssone friluftsliv H530

Gjeld område Øvre Bødalen og Skjelingen .

H530 1 Øvre Bødalen:

Område for skisport og utfart/friluftsliv i tilknytning til Vik skisenter og Vik Fjellandsby.

I området kan det etter avtale med med grunneigar ryddast og vedlikehaldast skiløyper og stiar

H530 2 Skjelingen:

Område for skisport og utfart/friluftsliv vinter og sommar i tilknytning til etablert hytteområde på vestsida av RV 13 i Skjelingen.

I området kan det etter avtale med med grunneigar kjørast /preparerast skiløyper og for langrenn og skiskyting.

1.3 Bevaring av naturmiljø H560

Gjeld område H560 1 Kongsvatnet. Ca 4,5km²

Området omfattar mange naturtypar med høg kvalitet, og er eit viktig område for friluftsliv.

I området kan det tillatast enkle tiltak for tilrettelegging for friluftsliv .

1.4 Bevaring av kulturmiljø. H570

Planen viser utvalde kulturmiljø som ikkje har vernestatus i eksisterande/tidlegare planar . Fleire kulturmiljø av høg verdi inngår i område der reguleringsplan gjeld framfor kommuneplanen. Desse er ikkje med i oppstillinga under.

Det bør ikkje tillatast tiltak som kan skada eller forringa kulturminneverdiane i områda.

Oppstillinga under skal reviderast og supplertast når *kulturminneplan for Vik Kommune* er vedteken.

H570-1	Lensmannsgarden i Bø	H570-8	Vatnane fjellstøl
H570-2	Gamletunet på Tistel	H570-9	Sylvarnes
H570-3	Heimestølen Engi	H570-10	Alrek
H570-4	Høgdegarden Grønsberg, Vik	H570-11	Alrekstølen
H570-5	Høgdegarden Lee, Arnafjorden	H570-12	Nyastøl, Seimsfjellet.
H570-6	Sendedal stølsområde	H570-13	Haugen, Arnafjord
H570-7	Valsvikstølen	H570-14	Refsdal kraftverk 1913

2. Skilt og reklameinnretningar

Føresegn pkt. 1.5, saman med *retningslinjer* under, erstattar tidlegare skiltvedtekter for Vik kommune.

Desse retningslinjene skal leggjast til grunn ved handsaming av søknader om oppsetting av skilt og reklameinnretningar etter Pbl § 30-3.

1. Hovudmål for retningslinjene er å få ein samstemt skikk for skilting i Vik kommune som formidlar budskap på ein god måte utan å dominera det visuelle miljøet.
2. Skilt skal vera tilpassa farge og hovudoppdeling på det aktuelle bygget og nabobygg.
3. Skilt bør som hovudregel plasserast på hovudfasade i tilknytning til dør eller vindauge, i etasjeskille mellom 1 og 2.etasje.
Skilt skal ikkje vera samanhangande over fasaden.
4. Skilt skal plasserast slik at dei ikkje er til fare eller ulempe for forbipasserande.
5. Skilttekst bør vera på nynorsk.
Bruk av enkle symbol som framhevar budskapen vert tilrådd.
6. Uthangande skilt, og skilt målte på fasaden vert tilrådd som hovudalternativ.
Lysskilt med skjerming der berre tekst og /eller symbol lyser kan og vera eit bra alternativ.

3. Dispensasjon for spreidd bustadbygging i LNF-område.

Det kan opnast for Spreidd utbygging av bustader i LNF-område, når det ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser, og når omsyn til busetting talar for det.

Ved søknader om dispensasjon for spreidd utbygging av bustader i LNF-område skal fylgjande retningsliner gjelda for sakshandsaming:

1. Sonedeling av kommunen.

I Vik og Vangsnes sokn bør det som hovudregel ikkje opnast for spreidd utbygging utan reguleringsplan.

I Arnafjord, Feios og Fresvik sokn kan det opnast for dispensasjon for spreidd bustadbygging utan reguleringsplan, på visse vilkår.

2. Vilkår for dispensasjon.

- 2.1 Tiltaket omfattar inntil 2 bueiningar .
- 2.2 Tiltaket, inkludert vegtilkomst, skal ikkje medføre vesentleg tap av dyrka jord .
- 2.3 Tomt, bygningar og tilkomstveg skal plasserast og utformast slik at det ikkje fører til vesentlege ulemper for landbruksdrift eller annan næring.
- 2.4 Det må dokumenterast godkjent og forsvarleg løysing for vassforsyning og avløp.
- 2.5 Tomter skal ikkje frådelast nærare enn 30 meter frå vassdrag.
- 2.6 Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne eller forstyrrar heilskapen i verdifulle kulturlandskap.
- 2.7 Ved frådeling skal alternativ plassering av tomt vurderast.
- 2.8 At vilkåra i Pbl. §19-2 for å gje dispensasjon er oppfylte.

3. krav til dokumentasjon i søknad:

- Dokumentasjon på at området er trygt for skred/flaum.
- Løysing for vassforsyning og avlaup
- Detaljert utomhusplan utarbeidd av fagkunnige, som syner tomtedeling, plassering og hovudform på bygningar, veg- og parkeringsløysing, høgder på terreng og bygg, markdekke og leidningstrasear.

4 Samfunnstryggleik. Risiko og sårbarheit (ROS)

- I plan- og byggesaker skal ROS-analyse brukast for å avklara om arealet er eigna til utbyggingsformål, og om planlagt bruk er forsvarleg.

- ROS-analysar skal ta høgde for fylgjer av framtidige klimaendringar og pårekna havnivåstigning . Det skal gjerast ROS-analyse for alle nye tiltak under kote 3,5 i tryggleiksklasse F1, og for alle nye tiltak under kote 4 i tryggleiksklasse F2 og F3.

- For tiltak langs vatn og vassdrag skal eit tryggleiksnivå tilsvarande 200-års flaum leggjast til grunn.

- For tiltak som ligg i områder med potensiell fare for steinsprang og/eller snøskred slik vist i NGI-kart *Snø-og steinscredfare* skal det utførast fagkunnige utgreiingar og eventuelle sikringstiltak før område kan godkjennast for bygging og tiltak kan setjast i verk.

Heimel: Pbl § 11-9 nr. 4 og 8

5 Kulturminne og kulturmiljø. Pbl §11-9 nr.7. Kulturminnelova

Omsyn til kulturminne og kulturmiljø skal inngå i all planlegging og alle byggesaker.

I plan- og byggesaker som gjeld freda kulturminne eller ståande bygningar frå før 1850 skal det hentast uttale frå kulturminnestyresmakter.

6.0 Vedlegg:

6.1 KU og ROS for delområde.


6.2 Strandsoneanalyse 2013


6.3 Kjerneområde Landbruk. 2013

6.4 Plankart

6.4 Plankart (PDF)

- 01 Plankart Vik kommune
- 02 Tematisk planutsnitt Skred- og flaumfare
- 10 Teiknforklaring til planutsnitt 11-19
- 11 Planutsnitt 11 Indrefjorden-Tenne
- 12 Planutsnitt 12 Framfjorden og Nese
- 13 Planutsnitt 13 Røyrvik-Svardal
- 14 Planutsnitt 14 Vik
- 15 Planutsnitt 15 Øvre Bødalen
- 16 Planutsnitt 16 Djuvik-Tveit
- 17 Planutsnitt 17 Vangsnes
- 18 Planutsnitt 18 Feios
- 19 Planutsnitt 19 Fresvik





Direktoratet for mineralforvaltning,
Postboks 3021 Lade,
7441 TRONDHEIM.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergverken for Svalbard		
Saksnr. Dok.nr. 15/00167-10		Sjett
Dato 01 JUNI 2017		Sakssett
Sakskode 318/LB 315/14		Forfall

Deresref: 15/00167 – 6

Tilleggsinformasjon i samband med driftskonsesjon – Arnafjord sandtak i Vik kommune.

TEKNISK KOMPETANSE.

Grunneigar (Jon Nese) står som fagleg ansvarleg for uttaket. Grunneigar har sertifikat på Produksjonskontrollsystemet, og står for alle uttak av prøvar. Prøvane vert sende til analyse hjå Norsk betong- og tilslagslaboratorium A/S i Trondheim.

DRIFTSPLAN.

Massane vert tekne ut med hjullastar/gravemaskin. Ei Powerscreen sikt sorterar massane til ca. 60% støypesand (0-8) - 20% singel og 20% stein (som går til knusing). Støypesanden vert etter sålding lagt inn under tak (300m³) for å få mest mogeleg lik fuktigheit i sanden.

For å få rette fraksjonar i støypesanden, vert det skiftevis teke ut massar frå heile «stuffen».

Som ein ser på bilde 1A, ligg forekomstane lagvis og skrått stigande mot nordvest

Terrengkoten på arbeidsplan ligg på ca. 40 moh.. Plan2 ligg på ca. på 55 moh., og avdekka topp på ca. 85 moh..

Det er alt tinga gravemaskin til å SIKRA den avdekka toppen med grov stein lagt etter kvarandre. (Sikringsområdet er vist på medfylgjande bilde.)

Etter kvart som det naturleg rysjar sand ned på plan 2, vert den teken med

gravemaskin og tømd ned til arbeidsplan. Rasvinkelen i «stuffen» er bratt, og det vert ofte brukt gravemaskin for å eliminere små ras som kan komme. I tørken om sommaren er det vanleg at sanden rysjar ned i små mengder.


Me føler oss rimeleg trygge på denne arbeidsplassen, så lenge innarbeidde rutinar vert fylgde.

ANG.OPPRYDDING.

Dei første åra er det snakk om opprydding berre i sørlege kant av sandtaket (sjå bilde 2A) bak sandhuset. Området vert då lagt i 45* vinkel, slik området var då det vart opna for mange år sidan. Oppryddinga vert kosta av grunneigaren.

Det er uråd å visa nokon plan for avslutta uttak. Sanden ligg mot fjell på heile vestre side, og korleis fjellet er forma, er det ingen som veit. Eg klarar difor ikkje å setja opp nokon økonomisk plan for noko som ligg så langt fram i tida.

Arnafjord,29.05.2017



Mrd helsing Jon Nese,

Skuongen 4,

6893 Vik i Sogn.

Vedlegg: 1 bilde

~~2 kart~~



2.
A.

1.
B.



2.
B.

1.
A



→ N.



SPERRE MED STOR STEIN

ARNAFJORD SANDTAK.